

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 30.10.2012 kl 11:00 – 17.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 085/12 - 100/12

Innkalling til møtet var sendt ut den: 18.10.2012.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordførar	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjursen	Frode Langhelle	Geir Egil Haugsvær, vara
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Lene Hansen Kvamsdal	
	John Torgeir Torsvik	
	Kjetil Fjellby	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
		Jon Terje Sætre

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Egil Kvingedal
Siri Kratzmeier, vara	Jostein Duesund, vara	Tove K. Sleire Tistel
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Lillian Andvik	Erlend Kvamsdal	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
---------------	------------	----------------------------------

Møteleiar:	Ordførar Karstein Totland
Utlevert i møtet:	<ul style="list-style-type: none"> • Framlegg til samarbeidsavtale mellom Idrettsrådet i Masfjorden og Masfjorden kommune • Forprosjekt Helsehus i Nordhordland – rapport med tilråding • Notat frå adv. Gunnar Sætre i høve Solheimsneset bustadfelt • Innkalling/sakspapir til budsjettmøte i formannskapet den 6.11.12 med dei sakene som er ferdig • Innkalling m/sakspapir til møte i kraftfondsstyret den 06.11.12 • Rapport med evaluering Kraftspela på Matre 2012
Orientering:	<ul style="list-style-type: none"> • Nordhordland Utvikling AS v/Anne Hildegunn Færøy og Rune Holbek orienterte om forprosjekt Helsehus i Nordhordland. Presentasjon av rapport med tilrådingar til kommunestyret • Frå Hordaland idrettskrets: Knut Songve, organisasjonssjef og Oddvar Jensen, styreleiar orienterte. • John Torsvik, leiar i Masfjorden idrettsråd orienterte om idrettsrådet og idretten i Masfjorden.

Frå kl. 11.00 til 12.00 møtte leiarar og hovudtillitsvalde for å få orientering om budsjett 2013.

Frå kl. 12.30 til 13.30 møtte Anne Hildegunn Færøy og Rune Holbek frå Nordhordland Utvikling AS for å orientera kommunestyret om forprosjekt Helsehus i Nordhordland.

Frå kl 13.30 var Knut Songve, organisasjonssjef og Oddvar Jensen, styreleiar invitert frå Hordaland idrettskrets for å orientera kommunestyret.

Leiar i Masfjorden idrettsråd John Torsvik orienterte om framlegg til samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune og Masfjorden idrettsråd.

Etter at orienteringane var ferdig var det klart for å starta på saklista til kommunestyret. Før møtet vart sett vart det halde gruppemøte i høve sak 12/605 Teknisk utval- val av medlemmer.

Møtet vart sett kl. 15.30.

Innkallinga vart godkjent.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Frode Langhelle og Siri Kratzmeier til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
085/12	12/681	Godkjenning av møteprotokoll	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
086/12	12/682	Spørsmål - interpellasjonar til kommunestyremøte den 30.10.2012	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
087/12	12/602	Plan for forvaltningsrevisjon i Masfjorden kommune	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
088/12	12/605	Teknisk utval – (nytt) val av medlemmer og varamedlemmer	12
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
089/12	12/622	Søknad om serveringsløyve i samband med verksemdoverdraging	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
090/12	12/609	Søknad om skjenkeløyve for Stordalen fjellstove i samband med verksemdoverdraging	21
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
091/12	12/628	Uttale frå Masfjorden kommune - 132 kV lina frå kommunegrensa til Frøyset transformatorstasjon i samband med konsesjonssøknad for Brosviksåta og Dalsbotnfjellet vindkraftverk	27
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
092/12	10/85	Interkommunal plan for Fensfjorden - vedtak i Masfjorden kommunestyre	34
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
093/12	09/196	Reguleringsplan for utviding av Sandnes kyrkjegard - vedteken plan	45
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
094/12	12/150	Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016 - vedteken strategi	49
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
095/12	12/16	Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2012 - 2015	52
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
096/12	12/376	2. tertialrapport 2012, rekneskapoversyn 1.1.-31.08.2012	59
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
097/12	12/654	Økonomireglement for Masfjorden kommune	64

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
098/12	12/549	Delegeringsreglement for Masfjorden kommune	66
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
099/12	12/679	Delegerte vedtak	72
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
100/12	12/680	Skriv og meldingar	74

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2012	085/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/681
-----------	---------------------

SAK 085/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 13.09.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-085/12 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 13.09.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2012	086/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.1	Arkivsaknr.: 12/682
----------------	---------------------

SAK 086/12 - SPØRSMÅL - INTERPELLASJONAR TIL KOMMUNESTYREMØTE DEN 30.10.2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Spørsmål / interpellasjonar:

Ingen spørsmål var komne inn på førehand.

KS-086/12 VEDTAK:

Spørsmåla som vart stilt i kommunestyret vart svara på og teke til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Det er nytt at ein i kvart kommunestyremøte starta med ei sak der spørsmål og interpellasjonar kan stillast. I fylgje reglement for kommunestyret skal spørsmål og interpellasjonar handsamast fyrst i møtet.

Det var ikkje kome inn skriftlege spørsmål på førehand.

Spørsmål stilt i møtet:

Bjørn Egil Nordland, Ap, spurde frå innbyggjarane i Indre Haugsdalen korleis det ligg an med mobildekninga.

Ordførar Karstein Totland svara at me ventar på ein intensjonsavtale frå Telenor. Reknar med at den kjem om ca ei veke.

Marit Steinestø, KrF, spurde om det er mogleg å få kontaktpunkt/ladestasjon for elbilar på sjukeheimen.

Ordførar Karstein Totland sa at dette må kommunen vurderer. Det må i alle fall vurderast når sjukeheimen skal byta ut bilparken.

SAKSTILFANG:

BAKGRUNN

I samband med handsaming av reglement for kommunestyret gjorde ordførar framlegg om at ein i kvart kommunestyremøte starta med sak som omhandla spørsmål til kommunestyret.

Saka vert oppretta som fyrste sak sjølv om det i utgangspunktet ikkje har kome inn spørsmål eller interpellasjonar. Kommunestyremedlemmene vil då verta minna på at om dei har spørsmål eller interpellasjonar må dei koma med dei skriftleg.

I Reglement for kommunestyret står det i § 19 c at interpellasjonar bør meldast inn skriftleg minst 7 dagar før møtet.

I § 19 d) står det at spørsmål og interpellasjonar skal handsamast tidleg i møtet, men skriv og meldingar vert handsama tilslutt i møtet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	103/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	30.10.2012	087/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 12/602
--------------	---------------------

SAK 087/12 - PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Planarbeidet i kommunen – prosess, ressursbruk og resultat
- Organisering, drift og vedlikehold av kommunale bygg og anlegg
- Brannvern – organisering og ressursbruk
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov

Finansiering

Heimel

Forskrift om kontrollutval, kap. 5 - §§ 9 & 10.

FS-103/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i år 2013:

- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Rådmannen orienterte og saka vart drøfta.

Formannskapet vart samde om å prioritere kulepunkt 4 i år 2013 slik at framlegg til vedtak vert:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i år 2013:

- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS-087/12 VEDTAK:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i år 2013:

- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, leiar i kontrollutvalet sa at ho ville berømme formannskapet for debatten dei tok på sak om forvaltningsrevisjonen. Søvik ber om at det blir tek inn eit tilleggspunkt i framlegg til vedtak, jfr punkt frå vedtak i kontrollutvalet hadde med.

"Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vera meir aktuelt.

Søvik sa at det vert dyrare dersom ikkje dei andre kommunane og går inn for dette.

Det var delte meiningar i kommunestyret om punktet frå Sp skulle vera med i vedtaket.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over tilrådinga frå formannskapet.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over Sp sitt tilleggspunkt.

Sp sitt tilleggs fekk 6 røyster og fall. (Sp, to frå AP og to frå Høgre).

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	17.09.2012	leiar Kontrollutvalet i Masfjorden v/Vigdis Søvik	Særutskrift av sak i kontrollutvalet sak 30/12 - Plan forvaltningsrevisjon
3	I	23.10.2012	Nordhordland Revisjon IKS	Overordna analyse for Masfjorden - september 2012

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval inneheld utfyllande bestemmelsar om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver, i samband med forvaltningsrevisjon. I følgje § 9 i forskrifta, er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon, basert på ein overordna analyse av kommunen si tenesteproduksjon. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon skal leggjast fram for kommunestyret, jf. § 10 i forskrifta

FAKTA

30/12 Plan forvaltningsrevisjon

Sakstilfang: Overordna analyse

Ut i frå den overordna overordna analysen var det satt fram følgjande prosjekt som aktuelle:

- Etikk – korleis arbeidar kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Vedtaksutforming -stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Status for kommunale planar – vurdering av prosess og måloppnåing
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og rollar.
- IKT: ressursbruk, organisering og måloppnåing.
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov
- Kommunen som skuleeigar
- Skulefritidsordninga (SFO) – ressursbruk, omfang og kvalitet på tenesta
- KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen
- Miljøplanlegging i kommunen
- Økonomistyring
- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring
- Barnehageområdet – korleis forvaltar og driftar kommunen dette tenestekområde
- Barnevern
- Rutine for tildeling av kommunal bustad?
- Organisering, drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Kommunen sitt arbeid med målet om auka folketal og næringsutvikling
- Samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet i kommunen

I møte vart det i tillegg peika på desse områda som aktuelle

- Planarbeidet i kommunen – prosess, ressursbruk og resultat
- Brannvern – organisering og ressursbruk

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Planarbeidet i kommunen – prosess, ressursbruk og resultat
- Organisering, drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Brannvern – organisering og ressursbruk
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov

Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt.

KONKLUSJON

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Planarbeidet i kommunen – prosess, ressursbruk og resultat
- Organisering, drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Brannvern – organisering og ressursbruk
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Valnemnda	03.10.2012	006/12	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	30.10.2012	088/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.3	Arkivsaknr.: 12/605
----------------	---------------------

SAK 088/12 - TEKNISK UTVAL - VAL AV MEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER

VALN-006/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

TEKNISK UTVAL:

Parti	Medlemmer	Parti	Varamedlemmer i rekkefølge:
H	John T. Torsvik, leiar	V	1. Tove Kristin Sleire Tistel
KrF	Lillian Andvik	H	2. Wenke Ekren
Frp	Willy Borge	Ap	3. Britt Inger M. Hope
Ap	Ragnvald Tangedal, nestleiar	Frp	4. Ørjan Daae
Sp	Geir Egil Haugsvær	H	5. Kjetil Fjellby

Leiar: John Torsvik
Nestleiar: Ragnvald Tangedal

Heimel

Kommunelova § 10

Godtgjersle:

Jfr. reglement for godtgjering til folkevalde vedteke i K-møte den 25.10.2012.

A.2.1 – Møtegodtgjering – høg sats: Medlemmer: kr. 500,- pr møte

B.6 Leiarar i sentrale utval – årleg godtgjering på kr. 7.500,-

Det skjedde i Valnemnda den 03.10.2012 og 15.10.2012:

Val av medlemmer til Teknisk Utval (TU)

Valnemnda har fylgjande innstilling;**Faste medlemmer:**

John T.Torsvik Høgre
Lillian Andvik Krf
Willy Borge Frp
Ragnvald Tangedal Ap
Geir Egil Haugsvær Sp

Varamedlemmer:

1.Tove Kristin Sleire Tistel,Venstre
2.Wenke Ekren Høgre
3.Britt Inger M. Hope, Ap
4.Ørjan Daae, Frp
5.Kjetil Fjellby, Høgre

Alle politiske parti har ikkje høve til å verte representert som faste medlemmer i TU.

Valnemnda foreslår då at varamedlemmer møter i prioritert rekkefølge som nummerert.

Med bakgrunn i kjønnsfordeling som er føreslege til faste medlemmer til TU, er det forslag frå valnemnda at det er tre kvinner øvst i prioritert rekkefølge som varamedlemmer.

Valnemnda har drøfta kjønnsfordelinga, geografisk tilknytning, kompetanse og interesseområde mm i prosessen av forslag til Teknisk Utval.

Det har vore usemje i kva som bør vektleggast i utnemning av medlemmer til utvalet, men ein har vorte samde i framlegget som no ligg føre.

Forslag til leiar for TU er :

John T.Torsvik (H) (ingen andre forslag) – samrøystes valt.

Forslag til nestleiar for TU er:

Willy Borge, Frp, føreslo seg sjølv som nestleiar og fekk 2 røyster (FRP og H)

Tove Kristin S. Tistel gjorde framlegg om Ragnvald Tangedal som nestleiar. Han var nestleiar i tidlegare Utval for vilt og fisk samt at han kjem frå det nest største partiet i kommunestyret.

Tangedal fekk 4 røyster (V, Krf, Sp, AP)

Det har vore helde 2 møter i valnemnda til arbeidet med å finna medlemmer for teknisk utval (TU)

KS-088/12 VEDTAK:**TEKNISK UTVAL:**

Parti	Medlemmer	Parti	Varamedlemmer i rekkefylgje:
H	John T. Torsvik, leiar	V	1. Tove Kristin Sleire Tistel
KrF	Lillian Andvik	H	2. Wenke Ekren
Frp	Willy Borge	Ap	3. Britt Inger M. Hope
Ap	Ragnvald Tangedal, nestleiar	Frp	4. Ørjan Daae
Sp	Geir Egil Haugsvær	H	5. Kjetil Fjellby

Leiar: John Torsvik
Nestleiar: Ragnvald Tangedal

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Leiar i valnemnda Tove Kristin S. Tistel orienterte om valnemnda sitt arbeid.

Før kommunestyret vart sett vart det halde gruppemøte pga av uklarheit i høve varamannslista.

Etter gruppemøte sa leiar i valnemnda Tove Kristin S. Tistel at framlegget som låg i bordet frå valnemnda sto ved lag.

Røysting:

Valnemnda sitt framlegg til medlemmer og varamedlemmer i Teknisk utval vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Kommunestyresak 76/12 frå møte den 13.09.2012

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret gjorde i sak 76/12 samrøystes vedtak om å oppretta eit nytt Teknisk utval som skal tre i kraft frå 1. november 2012. Utval for vilt og fisk blir lagt ned frå same dato.

KS-076/12 VEDTAK:

Kulepunkt 1:

- Masfjorden kommunestyre opprettar (Nytt) Teknisk utval. Utvalet får ansvar for bygge- og delesaker, private reguleringsplanar, landbrukssaker, herunder konsesjonssaker, saker etter matrikkellova, miljø og forureiningssaker, saker som høyrer inn under tema vilt og fisk og delegererte saker som er heimla i Plan- og bygningslova.

Øvrige plansaker høyrer inn under formannskapet sitt virkeområde. Formannskapet er også klageinstans på vedtak fatta av TU.

Utvalet rapporterer gjennom møtebok til formannskapet. Formannskapet og kommunestyret kan tildela saker til utvalet.

Utvalet vert oppretta med verknad frå 01.11.2012. Utvalet har 5 medlemmer med varamedlemmer. Delegering til utvalet, herunder fullmakter må vedtakast av kommunestyret i samband med delegeringsreglementet/val av medlemmer til utvalet.

Utvalet vert evaluert etter eit år og ved utgangen av valperioden.

Kulepunkt 2:

- Målsettinga til kommunestyret er å betra den demokratiske prosessen gjennom:
 - Å arbeida for betre likebehandling
 - Klarare retningslinjer og raskare avgjerder
 - Fokusering på brukarane av tenestene
 - Få eit meningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde

VURDERING

Rådmannen tilrår at uvalet bør vera samansett av minimum 3 til 5 personar som er medlem eller varamedlem til kommunestyret.

Formannschaftsmedlemmer bør ikkje vera medlem i teknisk utval. Dette grunna at formannskapet er kommunen sitt klageorgan.

I Utval for vilt og fisk var det personlege vara. Rådmannen rår til personlege vara i det nye utvalet og.

Valnemnda må og gjera framlegg om leiar og nestleiar blant medlemmene.

Godtgjering til folkevalde:

I reglement for godtgjering til folkevalde, revidert i kommunestyret den 25.10.12, står blant anna:

Pkt. A.2.1 Høg sats:

Medlemmer i Utval for vilt og fisk med ei møtegodtgjersle på kr. 500,- pr møte.

Pkt B.6:

Leiar i sentrale utval får kr. 7.500 pr år i fast godtgjersle.

Det vil vera naturleg bruka same satsane for Teknisk utval med kr. 500,- i møtegodtgjersle for medlemmer og kr. 7.500,- pr år for leiar.

Fast godtgjersle til leiar vert utbetalt med kr. 625,- pr måned.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	090/12	Frode Vee-Haugen
Kommunestyret	30.10.2012	089/12	Frode Vee-Haugen

Arkiv: N-613	Arkivsaknr.: 12/622
--------------	---------------------

SAK 089/12 - SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE I SAMBAND MED VERKSEMDOVERDRAGING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt serveringsløyve vert tildelt Stordalen oppleving A/S, v/Dagleg leiar Sissel Trædal
2. Løyvet omfattar Stordalen fjellstove.
3. Det vert godkjend at Øystein Bjørnsen, 5913 Eikangervåg står som dagleg leiar av serveringsstaden.
4. Eit eventuelt skifte av dagleg leiar må meldast inn og godkjennast av kommunen.
5. Opningstida er sett opp frå kl. 11.00 - 01.00 alle dagar.

Heimel

Lov om serveringsverksemd

Utskrift vert sendt:

Berit H. Kongestøl		5936	MANGER
Lensmannen i Masfjorden		5966	EIVINDVIK
Merethe Sannes Tveito	Mjukebakkane 18	5918	FREKHAUG
Rune Lindnes		5957	MYKING
Stordalen oppleving AS	v/Sissel Trædal	5984	MATREDAL

FS-090/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Nytt serveringsløyve vert tildelt Stordalen oppleving A/S, v/Dagleg leiar Sissel Trædal
2. Løyvet omfattar Stordalen fjellstove.
3. Det vert godkjend at Øystein Bjørnsen, 5913 Eikangervåg står som dagleg leiar av serveringsstaden.
4. Eit eventuelt skifte av dagleg leiar må meldast inn og godkjennast av kommunen.
5. Opningstida er sett opp frå kl. 11.00 - 01.00 alle dagar.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Formannskapet tilrår samrøystes kommunestyret å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-089/12 VEDTAK :

1. Nytt serveringsløyve vert tildelt Stordalen oppleving A/S, v/Dagleg leiar Sissel Trædal
2. Løyvet omfattar Stordalen fjellstove.
3. Det vert godkjend at Øystein Bjørnsen, 5913 Eikangervåg står som dagleg leiar av serveringsstaden.
4. Eit eventuelt skifte av dagleg leiar må meldast inn og godkjennast av kommunen.
5. Opningstida er sett opp frå kl. 11.00 - 01.00 alle dagar.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Saka vart drøfta.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet varat samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	24.09.2012	Stordalen Oppleving AS	Søknad om serveringsløyve for Stordalen oppleving AS
2	I	27.09.2012	Stordalen Oppleving AS	Ettersending av teikningar over lokale
3	U	10.10.2012	Masfjorden kommune - NAV Sosialtenesta; Lensmannen i Masfjorden; Skatteoppkrevjaren	Innhenting av uttale til søknad om serveringsløyve
5	I	11.10.2012	Sissel Trædal	Opplysning om dagleg leiar for serveringsstaden

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Stordalen oppleving AS har overteke drifta av Stordalen fjellstove og søker om nytt serveringsløyve i samband med overdraging av verksemda.

UTTALE

Lensmannen har i brev datert 06.10.2012 gjeve slik uttale:

”Lensmannen har ikkje merknader til søknaden. Lensmannen har heller ikkje merknader til løyvehavar eller andre av dei personane som er aktuell for vandelskontroll, jfr. dykkar brev av 27.9.2012.”

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 08.10.2012 gjeve slik uttale:

”Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til at Stordalen oppleving AS får tildelt alminneleg skjenkeløyve og serveringsløyve fram til 31.03.16.”

Sosialtenesta har i brev datert 09.10.2012 gjeve slik uttale:

”NAV Masfjorden har ikkje merknader jf. Søknad om serveringsløyve for Stordalen fjellstove i perioden det søkjast for.”

FAKTA

Det er Fjellstovedrift AS v/Øystein Bjørnsen som har eksisterande serveringsløyve for Stordalen fjellstove.

Opningstida er sett opp frå kl. 11.00 - 01.00 alle dagar, korrigert i e-post 26.09.2012.

Aksjane i det nye selskapet er fordelt slik, jf. opplysningar pr. e-post datert 26.09.2012: Manger Holding eig 35%, Stordalen tomteselskap 35%, Arne Berg 15% og Øystein Bjørnsen 15%. Hans Henrik Fanebust er styreleiar for Manger Holding medan Steinar Østerbø er styreleiar for Stordalen tomteselskap, i flg. Sissel Trædal.

Sissel Trædal står som kontaktperson og dagleg leiar i Stordalen oppleving AS som er driftsselskapet. Ho har opplyst(e-post datert 11.10.2012) at Øystein Bjørnsen skal stå som dagleg leiar av Stordalen fjellstove. Dette er korrigert i høve til opplysningane i søknaden.

I høve til skjenkeløyve er Øystein Bjørnsen sett opp som styrar med Hans Henrik Fanebust som avløyser. Begge desse har etablererprøven. I serveringslova er det sett krav til at dagleg leiar av serveringsstaden skal ha etablererprøven.

Opplysning om driftskonsept:

Fjellstove som driv overnatting og matservering i hovudtrekk. Me arrangerar dans i forbindelse med arrangement som julebord, påske, åremålsdagar ol. Alle aldersgrupper.

VURDERING

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i serveringslova ikkje har vore følgt for denne skjenkestaden.

Lensmannen, skatteoppkrevjaren og sosialtenesta har ingen merknader til at dei nye eigarane får overta løyvet for Stordalen fjellstove.

Serveringsstaden er ein sentral del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen og satsinga på opplevingar i Stordalen.

Sissel Trædal som var oppført som ny dagleg leiar av serveringsstaden har ikkje etablererprøven, slik at denne må gjennomførast før kommunen godkjenne. Det er greitt at Øystein Bjørnsen vert ført opp som dagleg leiar av serveringsstaden.

Det vil vera ein fordel at også dagleg leiar av driftsselskapet har etablererprøven og gjennomfører denne.

KONKLUSJON

Det vert gjeve serveringsløyve til Stordalen oppleving AS i Stordalen fjellstove under føresetnad av at dagleg leiar har gjennomført og greidd etablererprøven før godkjenning vert gjeve.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	091/12	Frode Vee-Haugen
Kommunestyret	30.10.2012	090/12	Frode Vee-Haugen

Arkiv: N-614	Arkivsaknr.: 12/609
--------------	---------------------

SAK 090/12 - SØKNAD OM SKJENKELØYVE FOR STORDALEN FJELLSTOVE I SAMBAND MED VERKSEMDOVERDRAGING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt skjenkeløyve vert tildelt Stordalen oppleving A/S v/Sissel Trædal
2. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:
Stordalen fjellstove:
 - 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom
 - Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Totalt skjenkeareal 305 m2. Tal sitteplassar inne er 180, ute 20.
3. Desse vert godkjend som styrar og avlørsarar:
Styrar: Øystein Bjørnsen, avlørsar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger
4. Løyvet gjeld alkoholgruppe 1 og 2 (inntil 22% alkohol) alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Alkoholgruppe 3 (frå 22% alkohol eller meir) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matserving i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.11.2012 til og med 31.03.2016 jfr. alkohollova § 1-7.

Heimel

Alkohollova med forskrifter

Utskrift vert sendt:

Berit H. Kongestøl		5936	MANGER
Lensmannen i Masfjorden		5966	EIVINDVIK
Masfjorden kommune - NAV		5986	HOSTELAND
Sosialtenesta			
Merethe Sannes Tveito	Mjukebakkane 18	5918	FREKHAUG
Rune Lindnes		5957	MYKING
Stordalen oppleving AS	v/Sissel Trædal	5984	MATREDAL

KS-090/12 VEDTAK:

1. Nytt skjenkeløyve vert tildelt Stordalen oppleving A/S v/Sissel Trædal
2. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:
Stordalen fjellstove:
 - 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom
 - Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Totalt skjenkeareal 305 m2. Tal sitteplassar inne er 180, ute 20.
3. Desse vert godkjend som styrar og avløysarar:
Styrar: Øystein Bjørnsen, avløysar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger
4. Løyvet gjeld alkoholgruppe 1 og 2 (inntil 22% alkohol) alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Alkoholgruppe 3 (frå 22% alkohol eller meir) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.11.2012 til og med 31.03.2016 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Marit Steinestø, KrF, kunngjorde at KrF ville røysta i mot tilrådinga frå formannskapet.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 15 mot 2 røyster . (KrF)

FS-091/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Nytt skjenkeløyve vert tildelt Stordalen oppleving A/S v/Sissel Trædal
2. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:
Stordalen fjellstove:
 - 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom
 - Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Totalt skjenkeareal 305 m². Tal sitteplassar inne er 180, ute 20.
3. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar:
Styrar: Øystein Bjørnsen, avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger
4. Løyvet gjeld alkoholgruppe 1 og 2 (inntil 22% alkohol) alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Alkoholgruppe 3 (frå 22% alkohol eller meir) frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.11.2012 til og med 31.03.2016 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, sa at ho vil røysta i mot rådmannen sitt framlegg

Røysting:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg med 4 mot 1 røyst. (KrF)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	17.09.2012	Stordalen oppleving AS	Skjenke og serveringsløyve for Stordalen fjellstove
2	U	20.09.2012	Stordalen oppleving AS	Førebels svar på søknad om skjenke- og serveringsløyve for Stordalen oppleving AS
3	I	24.09.2012	Stordalen Oppleving AS	Søknad om skjenkeløyve for Stordalen oppleving AS -
4	I	26.09.2012	Stordalen Fjellstove v/Sissel Trædal	Viktig tilleggsspørsmål til søknad om skjenkeløyve
5	U	27.09.2012	Masfjorden kommune - NAV Sosialtenesta; Lensmannen i Masfjorden; Skatteoppkrevjar	Innhenting av uttale til søknad om skjenkeløyve og serveringsløyve for Stordalen fjellstove i samband med verksemdsoverdraging
6	I	27.09.2012	Stordalen Oppleving AS	Ettersending av teikningar over lokale
7	I	06.10.2012	Politiet	Uttale til søknad om skjenke- og serveringsløyve - Stordalen fjellstove
8	I	08.10.2012	Skatteoppkrevjaren i Masfjorden	Uttale til søknad om skjenkeløyve og serveringsløyve - Stordalen Oppleving AS
9	I	09.10.2012	NAV Masfjorden Sosial	Uttale til søknad om skjenkeløyve for Stordalen oppleving AS

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Stordalen oppleving AS har overteke drifta av Stordalen fjellstove og søker om nytt alminneleg skjenkeløyve for løyveperioden frå og med 01.04.2012 til og med 31.03.2016.

UTTALE

Lensmannen har i brev datert 06.10.2012 gjeve slik uttale:

”Lensmannen har ikkje merknader til søknaden. Lensmannen har heller ikkje merknader til løyvehavar eller andre av dei personane som er aktuell for vandelskontroll, jfr. dykkar brev av 27.9.2012.”

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 08.10.2012 gjeve slik uttale:

”Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til at Stordalen oppleving AS får tildelt alminneleg skjenkeløyve og serveringsløyve fram til 31.03.16.”

Sosialtenesta har i brev datert 09.10.2012 gjeve slik uttale:

”NAV Masfjorden Sosialtenesta viser til alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune perioden 2012 – 2016.

Målsettinga i planen punkt 1 står det:

«Planen har som målsetjing å avgrensa dei skader som alkoholforbruk kan innebere for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune, redusera alkoholforbruket i tråd med nasjonal målsetjing».

Førebygging, punkt 2.3 står det:

«Det skal leggjast til rette for å gjere born og unge sine opphaldsstader og nærområder alkoholfrie»

Stordalen fjellstove søker alkoholløyve aller dagar frå klokken 13.00 - 24.00 for brennevinsløyve og ein time lenger løyve for øl og vin. Fjellstova er open for alle. Dette vil seie at barn under 18 og 20 år vil kunne opphalde seg her.

Ut frå målsettinga i handlingsplanen punkt 1 og frå førebygging punkt 2.3, kan NAV Masfjorden ikkje tilrå skjenkeløyve i samband med Stordalen fjellstove i perioden dette søkjast for.”

FAKTA

Eksisterande skjenkeløyve:

Løyva gjeld for inntil 22 % alkohol (øl og vin) og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. 22 % alkohol eller meir alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 24.00.

Opningstida er sett opp frå kl. 11.00 - 01.00 alle dagar, korrigert i e-post 26.09.2012.

Område for eksisterande skjenkeløyve:

Stordalen fjellstove:

- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom

Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Område under altan avgrensa med tregjerde.

Stordalen oppleving AS har overteke drifta av Stordalen fjellstove og søker om nytt alminneleg skjenkeløyve for løyveperioden frå og med 01.04.2012 til og med 31.03.2016.

Aksjane i det nye selskapet er fordelt slik, jf. opplysningar pr. e-post datert 26.09.2012: Manger Holding eig 35%, Stordalen tomteselskap 35%, Arne Berg 15% og Øystein Bjørnsen 15%. Hans Henrik Fanebust er styreleiar for Manger Holding medan Steinar Østerbø er styreleiar for Stordalen tomteselskap, i flg. Sissel Trædal.

Sissel Trædal står som kontaktperson og dagleg leiar i Stordalen oppleving AS.

Som skjenkestyrar er sett opp Øystein Bjørnsen med Hans Henrik Fanebust som avløysar. Begge desse har kunnskapsprøven i alkohollova og etablererprøven.

Opplysning om driftskonsept:

Fjellstove som driv overnatting og matservering i hovudtrekk. Matservering frå kl 13.00-20.00 kvar dag. Me arrangerar dans i forbindelse med arrangement som julebord, påske, åremålsdagar ol. Alle aldersgrupper.

VURDERING

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for denne skjenkestaden. Dei nye eigarane vil ha same styrar og avløysar som det tidlegare driftsselskapet.

Lensmannen og skatteoppkrevjaren har ingen merknader til at dei nye eigarane får overta løyvet for Stordalen fjellstove.

Skjenkestaden ligg langt utanfor nærområder for barn og ungdom, slik dei no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 1.3: "Opphaldsstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må vera sterk.

Skjenkestaden er ein sentral del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen og satsinga på opplevingar i Stordalen, sjå også pkt. 5 i alkoholpolitisk handlingsplan.

Det vert gjeve nytt skjenkeløyve mellom kl 13.00 og 01.00 i samsvar med reglane for opningstider i alkoholpolitisk handlingsplan og brennevinsløyve fram til kl 24.00. Innan for dette tidsrommet kan verksemda sjølv avgjera skjenketida. Som ein konsekvens av dette må reglane i alkohollova handhevast strengt. Det vert ikkje sett aldersgrense for tilgang til lokalet, da dette kan virka urimeleg for familiar og barn og ungdom som ynskjer å kjøpa mat på dagtid.

Etablerte skjenkestader som alt har løyve bør også i denne løyveperioden får utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag.

Det er dokumentert gode kunnskapar om alkohollova sine reglar ved at både styrarar og avløyssarar har greidd kunnskapsprøva som kommunen har halde.

KONKLUSJON

Det vert gjeve skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl 13.00 til 01.00 alle dagar. I tillegg vert det gjeve løyve for alkoholgruppe 3 (brennevin) fram til kl 24.00.

Skjenkestadene får uteservering på eit nærmare definert område.

Det vert gjeve utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden 01.11.12 til 31.03.16.

Styrarar og avløyssarar vert godkjende slik det er søkt om.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	092/12	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	30.10.2012	091/12	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-650	Arkivsaknr.: 12/628
--------------	---------------------

SAK 091/12 - UTTALE FRÅ MASFJORDEN KOMMUNE - 132 KV LINA FRÅ KOMMUNEGRENSA TIL FRØYSET TRANSFORMATORSTASJON I SAMBAND MED KONSESJONSSØKNAD FOR BROSVIKSÅTA OG DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknader til omsøkt ny 132 kV line parallelt med eksisterande 22 kV line frå kommunegrensa til Gulen og fram til transformatorstasjonen på Frøyset / Tangedalen.

Masfjorden kommune er nøgd med at alternativ 2b ikkje er omsøkt eller pålagt utgreidd då dette vil punktere urørt område i kommunen.

Masfjorden kommune ber om at det vert utgreidd om eksisterande 22 kV og omsøkt 132 kV kan nytte same stolperekke.

Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastninga påført Masfjorden kommune av utbyggarar / NVE for å sikra storsamfunnet straum, jf vår uttale til 300 (420) kV lina Modalen - Mongstad.

Finansiering: Ingen kostnad

Heimel: kommunelova § 1

KS-091/12 VEDTAK:

Masfjorden kommune har ingen merknader til omsøkt ny 132 kV line parallelt med eksisterande 22 kV line frå kommunegrensa til Gulen og fram til transformatorstasjonen på Frøyset / Tangedalen.

Masfjorden kommune er nøgd med at alternativ 2b ikkje er omsøkt eller pålagt utgreidd då dette vil punktere urørt område i kommunen.

Masfjorden kommune ber om at det vert utgreidd om eksisterande 22 kV og omsøkt 132 kV kan nytte same stolperekke.

Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastninga påført Masfjorden kommune av utbyggjarar / NVE for å sikra storsamfunnet straum, jf vår uttale til 300 (420) kV lina Modalen - Mongstad.

Masfjorden kommune meiner at område rundt Frøyset trafostasjon /Tangedalen er så belasta med kraftliner at ein rår i frå å gje konsesjon til ny kraftline som inneber ein ny trase inn til stasjonen.

Masfjorden kommune vil ikkje ha merknader til at Seternesfjellet vindmøllepark vert gitt konsesjon med nettilknytning til Frøyset transformatorstasjon / Tangedalen viss ein nyttar ein allereie eksisterande trase.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-092/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune har ingen merknader til omsøkt ny 132 kV line parallelt med eksisterande 22 kV line frå kommunegrensa til Gulen og fram til transformatorstasjonen på Frøyset / Tangedalen.

Masfjorden kommune er nøgd med at alternativ 2b ikkje er omsøkt eller pålagt utgreidd då dette vil punktere urørt område i kommunen.

Masfjorden kommune ber om at det vert utgreidd om eksisterande 22 kV og omsøkt 132 kV kan nytte same stolperekke.

Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastninga påført Masfjorden kommune av utbyggarar / NVE for å sikra storsamfunnet straum, jf vår uttale til 300 (420) kV lina Modalen - Mongstad.

Masfjorden kommune meiner at område rundt Frøyset trafostasjon /Tangedalen er så belasta med kraftliner at ein rår i frå å gje konsesjon til ny kraftline som inneber ein ny trase inn til stasjonen.

Masfjorden kommune vil ikkje ha merknader til at Seternesfjellet vindmøllepark vert gitt konsesjon med nettilknytning til Frøyset transformatorstasjon / Tangedalen viss ein nyttar ein allereie eksisterande trase.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Det vart delt ut notat frå sakshandsamar som gjeld omsøkt nettilknytning frå Seternesfjellet vindmøllepark.

Rådmannen gjorde framlegg om at siste avsnitt i notatet vert teke med i vedtaket som ligg føre i dag.

Det vart delt ut møtebok frå eldrerådsmøte den 10.10.2012 med uttale til saka.

Uttale frå Masfjorden eldreråd:

Det vert bygd ny 132 kv linje parallelt med eksisterande 22 kv linje frå kommunegrensa til Gulen kommune og fram til transformatorstasjonen på Frøyset /Tangedal.

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg av siste avsnitt frå utlevert notat om Seternesfjellet, vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	25.09.2012	NVE	SAE Vind DA og Zephyr AS - Nettilknytning av to vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset transformatorstasjon
2	U	27.09.2012	Masfjorden idrettsråd v/John Torsvik; Risnes I.L. v/Elin Sletten Borge; Frøysetvågen skyttarlag v/Normann Sleire; Nordbygda skulekorps v/Vibeke P. Valestrand; Songkoret Spleis /Liv Oda Dale; Masfjorden trekkspelklubb v/ Jostein Haugsdal; Masfjorden eldreråd v/ Terje Myrvang; Frøyset helselag v/ Anne Lise Holmaas; Sleire helselag v/Kari Dørum Molland; Hatlevik helselag v/Bente Birkeland; Nordbygda helselag v/Liv Dyregrov	Gjeld NVE si høyring av ny kraftledning gjennom Masfjorden i samband med utbygging av vindkraft i Gulen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN


Zephyr AS har søkt om konsesjon for å bygge og drive eit vindkraftverk på Dalsbotnfjellet i Gulen kommune. SAE Vind har søkt om konsesjon for å bygge og drive eit vindkraftverk på Brosviksåta i Gulen kommunen. Zephyr AS og SAE Vind har saman søkt om nettilknytning ved ny luftledning (132 kV) til Frøyset transformatorstasjon.

NVE har sendt begge konsesjonssøknadane ut på høyring og bede om Masfjorden kommune sin uttale til den delen av ny kraftledning som er konsesjonssøkt i vår kommune.

FAKTA

Det er berre ein linetrase som er konsesjonssøkt og for Masfjorden kommune sin del vil den nye traseen gå parallelt (på vestsida) med eksisterande 22 kV lina frå kommunegrensa med Gulen og til transformatorstasjonen på Frøyset / Tangedalen.

Det er i konsesjonssøknaden skissert ein alternativ trase (2b) gitt at berre Dalsbotnfjellet vindkraftverk får konsesjon. Denne trasen vil for Masfjorden sin del vil gå frå kommunegrensa gjennom Myrdalen og fram til transformatorstasjonen på Frøyset / Tangedalen. Konsesjonssøknaden oppgjev at denne traseen berre er eit eksempel på ein austleg trase og at det vil vere behov for fleire vurderingar.



Masfjorden kommune har for kort tid sida sendt sin uttale til BKK sin konsesjonssøknad for 300 (420) kV lina mellom Modalen og Mongstad. Her står det blant anna:

Som følgje av framføringa av den omsøkte 300 (420) kV linja Modalen- Mongstad får Masfjorden ei ny kraftlinje med høgspenmaster gjennom kommunen. Kommunen har forståing for den regionale samfunnsnyttan som ei sikker straumforsyning har. Men linja fører til store tekniske inngrep i levande bygder, natur og landskap i ein kommune som alt er tungt belasta etter vasskraftutbygging. Linjer og uteanlegg legg band på store areal og kjem i konflikt både med eksisterande busetnad, behovet for ny bustadbygging og næringsareal. Det er derfor særst viktig at denne nye utbygginga gjennom vår kommune og behovet for avbøtande tiltak, vert vurdert i eit heilskaps- perspektiv. Dei avbøtande tiltaka som blir valde, må koma der dei lokalt har størst verdi og samfunnsnytte. Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastninga påført Masfjorden kommune av BKK / NVE for å sikra storsamfunnet straum.

BKK har tatt høgde for omsøkt nettilknytning i sin konsesjonssøknad for 300 (420) kV lina mellom Modalen og Mongstad ved å konsesjonssøke utviding av eksisterande transformatorstasjon på Frøyset / Tangedalen. Arealet er og bandlagt i arealdelen til kommuneplanen.

VURDERING


Vindkraftverkplanen i Gulen har vore kjend for rådmannen i lang tid. Kommunen har blitt gjort merksam på at nettilknytning frå dei planlagde vindkraftverka skulle gå til Frøyset transformatorstasjon. Dette stod seinast å lese i BKK sin konsesjonssøknad for 300 (420) kV lina mellom Modalen og Mongstad.

Isolert sett er 3 km med ny 132 kV line parallelt med eksisterande 22 kV ein liten sak i kraftkommunen Masfjorden. Det er berre eit fåtal hus som perifert vil bli berørt av ny kraftline men heile linetrasen på Masfjordsida vil ligge innafor, men i ytterkant av avgrensinga til verna vassdrag (Yndesdalsvassdraget). Kraftlinetrasen går og gjennom beiteområde for fleire bruk. Det går fram av KU at tiltaket ikkje er vurdert til å få nokon negative konsekvensar som kan forringe verneverdien av vassdraget og at konsekvensen vert vurdert som liten negativ for landbruket samla sett.

Rådmannen meiner at når det først skal byggast ein ny kraftleidning i kommunen er det i utgangspunktet greitt å nytte ein eksisterande trase.

Rådmannen ønskjer likevel at NVE ser totalbelastninga som blir påført vår kommune gjennom eit stort prosjekt (BKK sitt) og no fleire små uavhengige prosjekt og vektlegg kompenserte tiltak i si handsaming av prosjekta.

Det skisserte alternativet 2b vil føre til ein ca doble så lang leidning i Masfjorden gjennom uberørt terreng. Heile traseen vil ligge godt innafor avgrensinga til verna vassdrag. Rådmannen vil rår i frå at det vert jobba vidare med dette trasealternativet.



KONKLUSJON

Rådmannen rår til at formannskapet gjev ein positiv uttale til ny 132 kV line parallelt med eksisterande 22 kV line frå kommunegrensa til Gulen og fram til transformatorstasjonen på Frøyset / Tangedalen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	093/12	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	30.10.2012	092/12	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-016, N-101.3	Arkivsaknr.: 10/85
-----------------------	--------------------

SAK 092/12 - INTERKOMMUNAL PLAN FOR FENSFJORDEN - VEDTAK I MASFJORDEN KOMMUNESTYRE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15, jf pbl § 9-3, vert den del av interkommunal plan for Fensfjorden som gjeld Masfjorden kommune vedteke slik han ligg føre på følgjande vilkår:

1. Ankringsområdet på Haugsøytangen vert framleis utelate frå plankartet i avvente av mekling mellom Kystverket og Masfjorden kommune. Resultatet av meklinga vil verte gjeldande arealbruk for interkommunal plan for Fensfjorden innanfor område sett av til ankring. Plankart og føresegner vert oppdatert i følgje vedtaket i meklinga.
2. Det skal opprettast eit "Forum Fensfjorden" slik som det vert skildra i planskildringa og sårbaranalysen til interkommunal plan for Fensfjorden, der alle kommunane samarbeider om å arrangere dette forumet årleg. Kvar kommune må årleg sette av eit mindre beløp for å arrangere møtet i forumet.

Finansiering

Driftsbudsjettet

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Austrheim kommune

5943 AUSTRHEIM

Fedje kommune

5948 FEDJE

Gulen kommune

Eivindvikvegen 1119

5966 EIVINDVIK

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

KS-092/12 VEDTAK :

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15, jf pbl § 9-3, vert den del av interkommunal plan for Fensfjorden som gjeld Masfjorden kommune vedteke slik han ligg føre på følgjande vilkår:

- 1. Ankringsområdet på Haugsøytangen vert framleis utelate frå plankartet i avvente av mekling mellom Kystverket og Masfjorden kommune. Resultatet av meklinga vil verte gjeldande arealbruk for interkommunal plan for Fensfjorden innanfor område sett av til ankring. Plankart og føresegner vert oppdatert i følgje vedtaket i meklinga.**
- 2. Det skal opprettast eit "Forum Fensfjorden" slik som det vert skildra i planskildringa og sårbaranalysen til interkommunal plan for Fensfjorden, der alle kommunane samarbeider om å arrangere dette forumet årleg. Kvar kommune må årleg sette av eit mindre beløp for å arrangere møtet i forumet.**

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte og sa at i fylgje fylkesmannen vil meklinga verta beramma før nyttår.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, spurde om ikkje dette med faktafeil som var påpeika i formannskapet skulle vore med i vedtaket.

Ordførar sa at me har teke det med i kva som skjedde i møtet.

John Torsvik H, spurde kva ordførar såg før seg ville koma ut av meklinga.

Ordførar svara at kommunen står fast på at dette skal vekk, kommunen har ingenting å gje. Staten kan laga ein reguleringsplan i ein annan kommune. Ein slik reguleringsplan vil overprøva vår.

Egil Kvingedal, V, sa at han har lese at omsynssoner er fjerna, og spurde om dei har mandat til å gjera det?

Ordførar svara

Vigdis Søvik, Sp, ba om å få bekrefte at det vedtaket som vart gjort i kommuneplanen vert ivareteke.

Ordførar Karstein Totland sa at det er Masfjorden sin kommuneplan som er gjeldande. Masfjorden kommune har ingen ting å gje.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

FS-093/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15, jf pbl § 9-3, vert den del av interkommunal plan for Fensfjorden som gjeld Masfjorden kommune vedteke slik han ligg føre på følgjande vilkår:

1. Ankringsområdet på Haugsøytangen vert framleis utelate frå plankartet i avvente av mekling mellom Kystverket og Masfjorden kommune. Resultatet av meklinga vil verte gjeldande arealbruk for interkommunal plan for Fensfjorden innanfor område sett av til ankring. Plankart og føresegner vert oppdatert i følgje vedtaket i meklinga.
2. Det skal opprettast eit "Forum Fensfjorden" slik som det vert skildra i planskildringa og sårbaranalysen til interkommunal plan for Fensfjorden, der alle kommunane samarbeider om å arrangere dette forumet årleg. Kvar kommune må årleg sette av eit mindre beløp for å arrangere møtet i forumet.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Han sa at han sjølv og to personar frå administrasjonen har vore med på eitt forhandlingsmøte med Kystverket, men ein kjem ikkje vidare med forhandlingar.

Det går mot mekling i saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet synte til planskildringa og fann at det var utelate opplysningar om Haugsøytangen og øyane der som også er viktige når det gjeld natur- og friluftsområde. I planskildringa står det berre at øyane yst i Gulen, Austrheim og Fedje er viktige.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke med eit tilleggspunkt.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	08.03.2010	Lindås kommune v/Aslaug Aalen	Søknad om skjønsmidler til Interkommunal plan Fensfjorden
2	U	08.03.2010	Lindås kommune	Melding om politisk vedtak - Interkommunal plan for Fensfjorden
4	I	05.07.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Lindås kommune - tilskot ved skjøn for 2010 - interkommunal plan for Fensfjorden
5	I	28.01.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Prosjektrapport i samband med skjønstilskot 2010 - interkommunal plan for Fensfjorden
6	I	02.03.2011	Lindås kommune	Forslag til planprogram for interkommunal plan for Fensfjorden
7	I	30.03.2011	Lindås kommune	Offentleg ettersyn av planprogram for interkommunal plan for Fensfjorden og invitasjon til deltaking i referansegruppa
9	I	11.05.2011	Kystverket Vest	Uttale til interkommunal plan for Fensfjorden - innspel til planprogram og planarbeidet generelt
10	U	10.08.2011	Lindås kommune	Oversending av innkomen uttale til planprogrammet for interkommunal plan for Fensfjorden
11	I	18.08.2011	Lindås kommune	Møtedokument interkommunal plan for Fensfjord 18.08.11
12	I	18.03.2012	Lindås kommune	Kunngjering av 1. gongs offentleg ettersyn av Interkommunal plan for Fensfjorden
17	U	04.06.2012	Lindås kommune	Informasjon om kommuneplanvedtak som vedkjem Fensfjordplanen
19	I	12.10.2012	Christian H. Reinshol	Oversending av Interkommunal plan for Fensfjorden for vedtak i kommunestyret
20	S	16.10.2012	Christian H. Reinshol	Interkommunal plan for Fensfjorden - vedtak i Masfjorden kommunestyre

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Styret for Interkommunal plan for Fensfjorden gjorde i møte 05.10.2012 vedtak om å sende den interkommunale planen over til kommunane i samarbeidet for vidare handsaming.

Kvar kommune skal no vurdere planframlegget og vedta planen som kommunedelplan for sitt areal i Fensfjorden. Etter vedtak i kvar kommune får planen status som juridisk bindande kommunedelplan. Arealbruken innanfor den enkelte kommune sitt areal er i all hovudsak vidareført frå gjeldande kommuneplanar med unntak av Fedje.

VEDTAK FRÅ STYRET I INTERKOMMUNAL PLAN FOR FENSFJORDEN

Styret for interkommunal plan for Fensfjorden vedtek å sende planframlegget slik det ligg føre over til slutthandsaming i dei enkelte kommunane, i medhald av plan- og bygningslova § 9-3, på følgjande vilkår:

- 1. Ankringsområdet på Haugsøytangen vert framleis utelate frå plankartet i avvente av mekling mellom Kystverket og Masfjorden kommune. Resultatet av meklinga vil verte gjeldande arealbruk for interkommunal plan for Fensfjorden innanfor området sett av til ankring. Plankart og føresegner vert oppdatert i følgje vedtaket i meklinga.**
- 2. Det skal opprettast eit "Forum Fensfjorden" slik som det vert skildra i planskildringa og sårbaranalysen til interkommunal plan for Fensfjorden, der alle kommunane samarbeider om å arrangere dette forumet årleg. Kvar kommune må årleg sette av eit mindre beløp for å arrangere møtet i forumet.**

Tilråding til kvar kommune for vidare planprosess og vedtak:

Kvar kommune skal no vurdere planframlegget og vedta planen som kommunedelplan for sitt areal i Fensfjorden. Etter vedtak i kvar kommune får planen status som juridisk bindande kommunedelplan. Arealbruken innanfor den enkelte kommune sitt areal er i all hovudsak vidareført frå gjeldande kommuneplanar, med unntak av Fedje der ein har teke med evt nytt areal som er vist i framlegget til kommuneplan som var på høyring fram til 01.10.2012.

Ny plan går ved eventuell motstrid framfor eldre plan for same areal, med mindre anna er fastsett i den nye planen, jf. PBL § 1-5, 2. ledd.

Kvar kommune står fritt til å velje rullering for sin del av Fensfjordplanen. Det er likevel mest tilrådeleg å kople eventuell rullering til planstrategien kvart fjerde år, der prioritering av planar blir oppdatert også. På denne måten kan status for Fensfjordplanen verte kvalitetssikra gjennom plansystemet til den enkelte kommune. Dersom kommunen ynskjer det, kan ein ved rullering av kommuneplanens arealdel innarbeide sjøarealet for Fensfjorden og vise planomriss for Fensfjordplanen som område med spesielt omsyn til interkommunalt samarbeid og samhandling i forhold til beredskap i staden for eigen kommunedelplan.

VURDERING

Planframlegget til interkommunal plan for Fensfjorden har no vore ute til offentleg ettersyn i perioden 17.03.2012 til 28.04.2012 og det har kome inn totalt 18 merknader til planen. I høyringsperioden har arbeidsgruppa og Norconsult presentert planframlegget i to folkemøte i høvesvis Austrheim og Masfjorden og eitt møte i referansegruppa for planarbeidet. Arbeidsgruppa har hatt to møter, der ein har gått gjennom merknadene til planen og vidare framdrift. I tillegg har representantar frå arbeidsgruppa vore i møte med Kystverket Vest om motsegna deira knytt til ankringsområdet på Haugsøytangen. Fedje kommune har hatt framlegg til kommuneplan ute på høyring, og arbeidsgruppa har jobba med å tilpasse plankartet for interkommunal plan for Fensfjorden til planframlegget frå Fedje.

Arbeidsgruppa har og sett på dette med samordning av beredskap for Fensfjorden og kome med eit meir spissa forslag på korleis dette kan organiserast.

Merknader til planframlegget:

Det kom inn totalt 18 merknader til planframlegget. Alle merknadene er vurdert i merknads-vurderinga som er lagt ved saksframlegget. Det kom inn to motsegner til planframlegget, den eine frå Kystverket Vest mot at ankringsområdet på Haugsøytangen vart teke ut av plankartet og den andre frå Hordaland fylkeskommune knytt til føresegnene og formuleringar omkring kulturminne. Andre merknader gjeld akvakultur, fiskeriinteresser, ventebøyer, beredskap / ankringsområde på Haugsøytangen, arealbruk i Skipavika og bruk av omsynssonar i plankartet. Dei mest sentrale momenta frå merknadene blir gjennomgått under.

Kulturminne:

Når det gjeld motsegna knytt til kulturminne har arbeidsgruppa valt å ta inn dei formuleringane som fylkeskommunen la fram i si motsegn, slik at grunnlaget for motsegn fell bort.

Akvakultur:

Det kom inn merknader knytt til areal sett av til akvakultur i planen, og det er no lagt inn eit større område med akvakultur på Fedje som følgje av dette, i tillegg til at det er teke med eit nytt område for akvakultur i tråd med planframlegget til kommuneplan for Fedje. Det er ikkje teke med utviding av akvakulturområde i Austrheim, då arbeidsgruppa vurderer det slik at føresegnene i tilstrekkeleg grad opnar for utviding/ending av eksisterande akvakultur-lokalitetar. Det kom og inn positive merknader knytt til registrering av fortøyingar for akvakulturanlegg og at desse vert lagt inn som omsynssonar i plankartet. Det har ikkje blitt lagt inn omsynssonar rundt eksisterande fortøyingar, då arbeidsgruppa meiner at det ikkje ligg føre tilstrekkeleg sikre data på den faktiske plasseringa av fortøyingane. Det har derimot blitt sikra i føresegnene at det ved nyetablering eller ending av anlegg skal sikrast informasjon om plassering av fortøyingar slik at ein kan kartfeste desse i plankart seinare.

Fiskeri:

Når det gjeld fiskeriinteresser har arbeidsgruppa vurdert merknadene som har kome inn og konkludert med at ein bør prioritere ferdsle/ventebøye i dei områda det vert peika på, på bakgrunn av ei av målsettingane for planarbeidet, som er å sikre areal til skipstrafikk i området. Det er spesielt ventebøyen på Bukkholmsflua som det har kome merknader til i forhold til fiske, og her meiner arbeidsgruppa at ein må prioritere tilbod til skipstrafikk framføre fiskeriinteressene. Elles kom det i merknaden frå Kystverket fram at det kan vere ein mogleg konflikt mellom føremålet "farlei" og "fiske" og at ein her bør prioritere ferdsle også i område sett av til fiskeri. Arbeidsgruppa har her vurdert det til at skipstrafikk i området må prioriterast og føreslår ei ending av plankartet til at berre arealføremålet "farlei" vert vist i område der det er overlapp mellom "farlei" og "fiske". Det vert i tillegg utarbeidd eit temakart som viser alle fiskeområde innanfor planområdet.

Ventebøyer:

Det kom inn merknader mot ventebøyene på Fønnesflaket (Lindås), Bukkholmsflua og Brandangersundet (Gulen). Her gjekk merknadene på friluftsliv og landskap (Fønnesflaket) og fiskeriinteresser (Bukkholmsflua). På Fønnesflaket vart det tilrådd å flytte ventebøya lenger ut i fjorden, men dette ser arbeidsgruppa på som lite føremålstenleg, då ein då vil trekke bøyen lenger ut i farleia og vil kunne få auka risiko for samanstyrt etter arbeidsgruppa si vurdering. Når det gjeld ventebøyene på Bukkholmsflua og i Brandangersundet vert det som nemnt over vist til prioritering av skipstrafikk og tilbod til denne aktiviteten føre eventuelle fiskeriinteresser i området.

Det kom inn merknad frå BKK knytt til framtidig trasé for kraftleidningar Mongstad-Modalen, og at dei ynskjer at ventebøya skal trekkast noko sørover for å få best mogleg forhold til plassering av leidningstraseen. Arbeidsgruppa viser til at bøya skal festast med bolt i grunnen og at plasseringa av bøyen er basert på gunstige botnforhold for festing av boltene.

Arbeidsgruppa kan soleis ikkje sjå at det skal vere noko nemneverdig konfliktgrunnlag mellom ventebøye og kraftleidningar då ventebøyen vil beslaglegge lite areal på botn.

Beredskap:

Det har kome inn fleire merknader knytt til beredskap, og alle er positive til den interkommunale tilnærminga som er gjort i planarbeidet i høve beredskapstenkinga. Det vert likevel peika på at kommunane kan bli enno betre på å halde kontakt med verksemdar som handterer farleg stoff i kommunen. Betre identifisering av kva sårbarheit som fins i kommunen og tett kontakt mellom fareverksemdar og den kommunale brann- og redningstenesta og dei miljøretta helsetenestene vert trekt fram. Arbeidsgruppa vil peike på at etableringa av "Forum Fensfjorden" vil kunne legge til rette for betra kontakt mellom kommunane og fareverksemdene.

Arealbruk / omsynssonar:

Det kom inn merknader knytt til at areal som er sett av til hamn i kommunedelplan for Steine - Skipavik - Sløvåg også vert sett av til dette føremålet i den interkommunale planen. Arbeidsgruppa tilrår dette og har endra kartet i samsvar med kommunedelplanen. Wergelandgruppa peika på forskjellar i bruk av nemningar og faresonar på Mongstad og i Sløvåg og ynskte at dette vert retta opp i. I tillegg peika dei på at nokre faresonar som var lagt inn i kartet ikkje lenger har aktivitet knytt til fareverksemd. Arbeidsgruppa har som følgje av merknaden gjort endringar i kartet som gjer at faresonar og nemningar i kartet blir korrekt.

Ankringsområdet på Haugsøytangen:

Kystverket Vest fremja motsegn mot at ankringsområdet på Haugsøytangen vart teke ut av plankartet og ber om at området vert teke inn att i planen med tilhøyrande føresegnar. Det vert vist til at det føregår arbeid med å betre både trafikktryggleik i og regulering av området, slik det og er omtalt i planframlegget. Mellombelse signal indikerer at ein er einig om reglar og retningslinjer for framtidig og trygg bruk av ankringsområdet med omsyn til alle relevante moment, mellom anna fartøyets storleik, kapasitet på ankringsområdet, spesielle laster, moglege væravgrensingar og forhold elles som har å gjere med bunkring eller andre spesielle operasjonar. Vidare viser Kystverket til at planområdet er eit av områda med høgast miljørisiko i landet, og at tilgjengelege og tilfredsstillande ankringsområde utgjer eit viktig tiltak for å redusere risikoen og førebygge uhell og skade i området. Mangel på hensiktsmessig, tilgjengelig ankringsplass vil kunne bety økt risiko for uønska hendingar i området.

Det har kome inn fleire merknader som støtter at ankringsområdet vart teke ut av plankartet. Fiskeridirektoratet peiker på at området tidvis vert nytta til fiske, men at dei ikkje vil motsette seg at ankringsområdet vert teke inn att i plankartet. Fiskarlaget Vest viser generelt til at fiskeri- og gyteområde er under press frå ulike interesser og viser til at ankringsområdet i Masfjorden sin kommuneplan er sett av til fiske-/gyteområde. Grunneigarar i Ytre Haugsdal, Hatlevik, Risnes, Areklett og øyane i Masfjorden viser til frykt for havari blant grunneigarar nord for ankringsområdet med dei konsekvensane dette vil ha for fugleliv, fauna og friluftslivet i området. Dei viser vidare til støyproblematikk frå hjelpemotorar på oppankra båtar og at området er mykje nytta til fiske. Eide fjordbruk uttrykker bekymring for skip med giftig last og dei verknader eit utslepp frå slike skip vil kunne ha for deira verksemd på andre sida av fjorden. Til slutt viser Masfjorden kommune til sitt vedtak om å vedta kommuneplanen utan ankringsområdet på Haugsøytangen og at dei vil gå til mekling for dette området. Kommunen viser i sitt saksframlegg til vurderingar knytt til fiskeriinteresser, naturmangfald og -interesser, friluftsliv og rekreasjon, noverande bruk av området og manglande beredskap knytt til denne bruken.

Arbeidsgruppa har etter at merknadene til planen kom inn hatt to møter der merknadene og motsegnene har vorte vurdert. To representantar frå arbeidsgruppa hadde 12. juni møte med Kystverket Vest knytt til motsegna deira. I møtet kom det mellom anna fram at Kystverket held på med å lage ny forskrift for Fedje trafikksentral sitt ansvarsområde og at forslaget til forskrift langt på veg var ferdig.

Haugstøytangen vil bli omfatta av trafikksentralen sin virkeområde i denne forskrifta, slik at det vil bli betre kontroll på kva skip som kan få tilgang til å ligge på ankringsområdet med omsyn til storleik, last, etc. Det er ikkje dermed sagt at det vil vere dei same reglane som for Fønnesflaket, då forhold som strøm, vind, botnfeste, etc vil spela inn. Kystverket ser for seg at forslaget blir sendt på høyring tidleg i 2013 (evt seint i 2012) og at forskrifta skal tre i kraft frå 1. januar 2014. I mellomtida er det utarbeidd felles reglar for lostenesta og trafikksentralen som gjeld fram til den nye forskrifta er klar. Kystverket kunne i møtet og melde at det var kome sterke reaksjonar frå lostenesta i høve at ankringsområdet vart teke ut av plankartet.

Arbeidsgruppa registrerer at det ligg svært motstridande interesser til grunn for ankringsområdet. Kystverket legg mellom anna til grunn viktigeita av å ha gode ankringsområde i eit område med høg risiko for hendingar, samstundes som det vert peika på at nettopp manglande beredskap knytt til ankringsområdet gjer at det ikkje bør vera ankringsområde på Haugstøytangen. Under kjem ei vurdering av ulike overordna mål for planarbeidet og korleis vurderingar knytt til desse gjer argumentasjon for enten å ta inn ankringsområdet att i plankartet, eller ikkje.

Fensfjorden som nasjonalt og regionalt viktig næringsområde:

Ut i frå ei vurdering av dei overordna føringane for planen, der mellom anna beredskap er eit viktig tema, ser arbeidsgruppa at det er særskilt viktig å ha eit alternativt ankringsområde til Fønnesflaket, då dette ankringsområdet under nokre tilhøve ikkje kan tilby trygg ankring for fartya som treng oppankring. Haugstøytangen har i følgje Kystverket betre ankringsforhold enn det Fønnesflaket har, og er såleis eit viktig supplement for oppankring. Vidare er det viktig at forholda ligg til rette for skipstrafikken som går til og frå dei store næringsverksemdene i Fensfjordbassenget, og gode ankringstilhøve er viktig for trafikken. Det er eit overordna mål i planarbeidet å legge til rette for at området sin attraktivitet som eit nasjonalt og regionalt viktig næringsområde vert styrka, og eit godt oppankringsområde vil såleis kunne bidra til at området sin attraktivitet vert styrka. Når Kystverket kan vise til at dei har utarbeidd mellombelse reglar for området i samarbeid med lostenesta og trafikksentralen, registrerer arbeidsgruppa at det er gjort grep for å betre reguleringa av ankring på Haugstøytangen.

Arbeidsgruppa meiner likevel at det må ytterlegare tiltak til før ein kan ta inn att ankringsområdet i planen på bakgrunn av denne argumentasjonen. For det første må kommunane få full informasjon om og delta aktivt under utarbeidinga av framlegg til reglar og retningslinjer for ankringsområdet og ikkje berre delta som høyringsinstans. For det andre må det inntil regelverket er på plass, ikkje vere tillete å ankre ved Haugstøytangen. Eventuell ankring som vert tillete vil i så fall vere naudankring og eventuelt mellombels og tidsavgrensa ankring etter regelverket til lostenesta og trafikksentralen. Dersom desse tiltaka vert gjort meiner arbeidsgruppa det er grunnlag for å ta inn att ankringsområdet i plankartet.

Natur- og landskapsverdiar og lokalsamfunna sine behov for tryggleik og sunne omgjevnader:

Planprogrammet for planarbeidet legg også til grunn at planlegginga skal sørge for å ta vare på viktige verdiar knytt til natur, landskap og friluftsliv. I tillegg skal ein leggje til rette for at lokalsamfunna sine behov for tryggleik og sunne omgjevnader vert ivareteke. Som tidlegare nemnt over, er det ulike oppfatningar knytt til beredskap, som omhandlar ankringsområdet sin viktigeit som mogleg ankringsplass for å hindre uønska hendingar, samstundes som det vert peika på frå ulike hald at nettopp manglande beredskap knytt til ankringsplassen er eit forhold som gjer at risikoen aukar. I tillegg vert det peikt på omsynet til fiskeriinteresser, naturmangfald, friluftsliv og rekreasjon, dagens bruk av området (skip med farleg last, utslepp, etc) og uro blant lokalbefolkninga knytt til bruken av området tilseier at området ikkje er eigna som ankringsplass for skip. Nasjonale interesser og kommunens råderett over eige område vert trekt fram som argumentasjon for å ta ut ankringsområdet av plankartet. Ut i frå måla med planarbeidet er dette argumentasjon som inneber at ein ikkje bør ta med ankringsområdet i plankartet for å sikre interessene til lokalsamfunnet framfor interesser knytt til næringsverksemd i Fensfjordområdet.

Legg ein desse overordna måla for planarbeidet til grunn meiner arbeidsgruppa det vil vere føremålstenleg å framleis utelate ankringsområdet frå plankartet. Dette vil medføre at motsegna frå Kystverket vert ståande og at ein må gå i mekling for å få planen godkjent. Arbeidsgruppa vil i så måte tilrå at ein tar same framgangsmåte for området som for Masfjordens kommuneplan, at området vert teke ut av planen i påvente av resultatet av meklinga slik at resten av planen kan verte vedteken. Anbefalinga vil då bli at ein rettar seg etter meklingsresultatet i kommuneplanen til Masfjorden for ankringsområdet.

Endringar i planframlegget til 2. gangs handsaming:

Plankartet:

Fedje kommune har sidan høyringsperioden gjort ferdig framlegg til ny kommuneplan for kommunen og denne ligg til offentleg ettersyn fram til 1. oktober 2012. For å få ein mest mogleg oppdatert interkommunal plan, bestemte arbeidsgruppa seg for å ta inn nye sjøarealføremål på Fedje som ikkje var med i den interkommunale planen frå før. Sidan høyringsperioden ikkje er gått ut før saksframlegget til den interkommunale planen vert sendt ut, vil arbeidsgruppa tilrå at eventuelle område det knyt seg motsegn til etter at høyringsperioden er gått ut, vert tekne ut av den interkommunale planen.

Som nemnt over kom det innspel om å tilpasse hamneområde i Skipavika til den nylig vedteke kommunedelplanen for Steine, Sløvåg og Skipavik. Det kom og endringsforslag knytt til nemningar og faresonar i kartet. Hamneområdet er lagt inn i kartet og det er gjort ein revisjon av faresonar og nemninga på industriområdet i Sløvåg.

I samband med merknaden til Kystverket om kva arealføremål som skal ha prioritet i områder som har overlapp mellom fiske og farlei, har arbeidsgruppa valt å vise kun farleiføremålet i plankartet der det er overlapp mellom føremåla. Det vil verte utarbeidd eit temakart som viser alle fiskeområde innanfor planområdet.

Oppsummering endringar:

- Nytt akvakulturområde ved Langøyneset aust for Fedje
- Nytt stort akvakulturområde på Fedje mellom Lyngholmosen, Teistosen og Grisholmsundet erstattar to mindre område for akvakultur.
- Fleire nye låssettingsplassar er tekne med, i Aurihopen, Breivika, Stormark, Sildevågen, Flatholmen, Innarsøyane, Ljøsøyskjeret og Bruvågen.
- Låssettingsplassar innanfor det nye store akvakulturområdet er tekne ut av planen, det gjeld området ved Moldøyosen, Moldøyholmen og Hellsøyana/Lepsøyana.
- Småbåthamn på Stormark, gamal og ny småbåthamn i Sildevågen og 2 nye småbåthamner rundt Kremmarholmen.
- Arealføremålet "farlei" er dratt heilt inn i området mellom Kyrkjevågen og Husavågen og inn i Rognsvågen.
- I områder der det er overlapp mellom "farlei" og "fiske" innanfor planområdet er "farlei" lagt over fiskeområda.
- I Skipavika er det lagt inn to hamneområde i tråd med kommunedelplan.
- Omsynssonane for fare i Sløvåg har fått riktig nemning
- Omsynssone for oksygenfattig fjordbotn har blitt tatt inn i Halsvika i Gulen og rundt Langøy i Lindås.
- Gyteplass i Knarrvika i Lindås er teke inn, og låssettingsplass i same område teke ut.

Sidan eventuelle nye område i plankartet har vore på høyring gjennom kommuneplanen til Fedje eller kommunedelplanen til Steine, Sløvåg og Skipavik, vurderer arbeidsgruppa det ikkje som naudsynt å sende den interkommunale planen ut på ny høyring med desse endringane.

Føresegner:

Det er gjort endringar i føresegnene som følgje av motsegna til Hordaland fylkeskommune, der dei ynskja ei innskjerping i høve eksisterande og potensielle nye kulturminne i sjø og på land.

Det er vidare gjort ei presisering om festemåten for ventebøyene, der det vert presisert at det skal brukast bolt og ikkje ankerfeste for bøyene.

I føresegnene for arealføremåla "fiske" og "farlei" er det teke med ei formulering som seier at ferdsle vert prioritert foran fiske i alle område der det er overlapp mellom fiskeriføremål og ferdsle.

Det er teke med ei ny føresegn som skal sikre at det ved framtidige endringar i akvakulturanlegg og ved nyetablering skal rapporterast inn nøyaktige posisjonar for fortøyingar, med den hensikt at desse skal kunne registrerast i Kystverket sine kart og leggjast inn som omsynssonar i kommuneplankarta.

Oppsummering endringar:

- § 1.3 vert presisert.
- Ny § 1.5 om undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.
- § 2.2 vert presisert at fortøying skal vere med bolt.
- § 3.1 vert retta frå "Friluftsområde" i plankartet til "FNFFA" i plankartet.
- Ny § 3.5 som prioriterer ferdsle framfor fiske i alle overlappende område.
- Ny § 3.16 om registrering av fortøyingar for akvakulturanlegg.
- Ny § 3.22 som prioriterer ferdsle framfor fiske i alle overlappende område.

Planskildring / sårbaranalyse:

Arbeidsgruppa har jobba med korleis "Forum Fensfjorden" best kan organiserast i kommunane, korleis samlingane skal arrangerast og frekvensen på dei og korleis finansieringa av eit slikt fora bør vere. Arbeidsgruppa er einige om at det må settast ein fast årleg dato/veke der møtet i forumet skal avhaldast, og at leiinga for møtet må gå på omgang mellom deltakarkommunane. Det er naturleg at arbeidsgruppa for dette planarbeidet står for organiseringa av det første møtet i forumet, då ein sit på aktuelle deltakarar og kunnskap om kva ein ynskjer å oppnå med eit slikt fora. På første møtet må ein sjå på kvar i organisasjonane sjølve arrangementsleiinga for møta skal ligge. Med bakgrunn i at beredskapsdelen av dette planarbeidet var tatt med på bakgrunn av at mellom anna politikarar og øvste leiing i kommunane etterlyste betre informasjon knytt til beredskap i kommunane, er det naturleg at ordførar og/eller rådmann i dei enkelte kommunane er obligatoriske deltakarar på møta.

Arbeidsgruppa føreslår at første møte i Forum Fensfjorden vert sett til medio februar 2013, for å sikre at innhaldet i planarbeidet framleis er ferskt i minnet både i arbeidsgruppa og blant deltakarane i referansegruppa som blir invitert til forumet. Naturleg tema for første møtet kan vere arbeidet med forskrifta for verkeområdet til trafikksentralen på Fedje og gjerne beredskap knytt til eventuelle hendingar som grunnstøyting og utslepp i følgje med dette. Finansiering av årleg møte må sikrast gjennom budsjettet i den enkelte kommunen.

KONKLUSJON

Det er gjort nokre endringar i plankartet som følgje av merknadene frå ulike aktørar og framlegget til ny kommuneplan for Fedje. Ingen av endringane er slik arbeidsgruppa ser det av ein slik art at planen treng å leggjast ut på nytt offentleg ettersyn. Når det gjeld ankringsområdet på Haugsøytangen vil arbeidsgruppa leggja fram to framlegg til vedtak til

Alternativ 1:

Styret for interkommunal plan for Fensfjorden vedtek å sende planframlegget slik det ligg føre over til slutthandsaming i dei enkelte kommunane, i medhald av plan- og bygningslova § 9-3, på følgjande vilkår:

1. Ankringsområdet på Haugsøytangen vert framleis utelate frå plankartet i avvente av mekling mellom Kystverket og Masfjorden kommune. Resultatet av meklinga vil verte gjeldande arealbruk for interkommunal plan for Fensfjorden innanfor området sett av til ankring. Plankart og føresegner vert oppdatert i følgje vedtaket i meklinga.
2. Det skal opprettast eit "Forum Fensfjorden" slik som det vert skildra i planskildringa og sårbaranalysen til interkommunal plan for Fensfjorden, der alle kommunane samarbeider om å arrangere dette forumet årleg. Kvar kommune må årleg sette av eit mindre beløp for å arrangere møtet i forumet.

Alternativ 2:

Styret for interkommunal plan for Fensfjorden vedtek å sende planframlegget slik det ligg føre over til slutthandsaming i dei enkelte kommunane, i medhald av plan- og bygningslova § 9-3, på følgjande vilkår:

1. Ankringsområdet på Haugsøytangen vert teke inn att i plankartet, på følgjande vilkår:
 - a. Det vert lagt til føresegn §3.8: *Innanfor ankringsområde Haugsøytangen vert det kun tillete med naudankring, eventuelt kan det bli gitt mellombelse og tidsavgrensa løyve til ankring på vilkår sett av lostenesta og trafikksentralen på Fedje.*
 - b. Eit vilkår for å ta inn att ankringsområdet er at kommunane får full informasjon om det pågåande arbeidet med forskrift for ankringsområdet/trafikksentralen på Fedje og får delta aktivt under utarbeidinga av framlegg til reglar og retningsliner for ankringsområdet – ikkje berre som høyringsinstans.
2. Det skal opprettast eit "Forum Fensfjorden" slik som det vert skildra i planskildringa og sårbaranalysen til interkommunal plan for Fensfjorden, der alle kommunane samarbeider om å arrangere dette forumet årleg. Kvar kommune må årleg sette av eit mindre beløp for å arrangere møtet i forumet.

Arbeidsgruppa meiner at ein uavhengig av kva vedtak ein gjer i høve ankringsområde må jobba vidare mot Kystverket for å sikre at verkeområdet til trafikksentralen på Fedje blir utvida og at ein får på plass gode reglar for bruken av området som reduserer faren for uønska hendingar.

Styret i Interkommunal plan for Fensfjorden vedtok alternativ 1 samrøystes og rådmannen rår Masfjorden kommune til å vedta den del av interkommunal plan for Fensfjorden som gjeld Masfjorden slik han ligg føre

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	095/12	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	30.10.2012	093/12	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-202, N-504	Arkivsaknr.: 09/196
---------------------	---------------------

SAK 093/12 - REGULERINGSPLAN FOR UTVIDING AV SANDNES KYRKJEGARD - VEDTEKEN PLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljplan for Sandnes kyrkjegard godkjent slik han ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnader utover driftsbudsjettet for planarbeid. Kostnader for grunnverv er innarbeidd i investeringsbudsjettet.

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Høyringspartane

KS-093/12 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljplan for Sandnes kyrkjegard godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-095/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljplan for Sandnes kyrkjegard godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Ragnvald Tangedal tiltrådte no møtet som vara for Sjursen.

Ordførar Karstein Totland orienterte om planen.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
13	U	26.10.2011	BKK nett As; Den Norske Kyrkja - Bjørgvin bispedømeråd; Hordaland fylkeskommune; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Statens vegvesen; NVE Region Vest; Masfjorden kyrkjelege fellesråd v/Svein Kvamsdal; May Wenche og Øyvind Lilletvedt; Fylkesmannen i Hordaland	Melding om politisk vedtak - Sandnes Kyrkjegard utviding gravplass- 1.gongs handsaming reguleringsplan
14	I	28.10.2011	Mattilsynet	Melding om politisk vedtak-Sandnes kyrkjegard utviding gravplass
15	I	31.10.2011	Statens vegvesen	Reguleringsplan - 1.gongs handsaming-Sandnes kyrkjegard - Melding om vedtak
16	I	07.12.2011	NVE	Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Sandnes kyrkjegard
17	I	27.02.2012	Hordaland fylkeskommune	Sandnes gravplass - Reguleringsplan - Varsel om arkeologisk gransking
18	U	17.04.2012	Hordaland fylkeskommune	Ang utarbeiding av reguleringsplan for Sandnes kyrkjegard - godkjenning av budsjett
19	I	05.06.2012	kultur- og idrettsavd Hordaland Fylkeskommune	Sandnes gravplass gnr 30-2-25-36- 54-55-Reguleringsplan- Utført arkeologisk undersøking
20	I	07.06.2012	regionalavd Hordaland fylkeskommune	Sandnes Kyrkjegard gnr 30-2-55- m.fl. -Offentleg ettersyn

22 I 21.08.2012 Riksantikvaren

Sandnes kyrkje, reguleringsplan for utviding av kyrkjegard, kulturminnefagleg uttale

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kyrkjelege fellesråd har meldt om trong for utviding av Sandnes kyrkjegard. Riss landskap AS vart engasjert for å fine eigna areal til utviding av kyrkjegarden. Areal på andre sida av kyrkjegarden, areal lenger mot Andvik og areal i Amundsbotn vart vurdert og kostnadsrekna før ein enda opp med det arealet som det no er utarbeidd illustrasjonsplan og reguleringsplan for.

Masfjorden kommune har – av kapasitetsomsyn – engasjert Riss Landskap AS til å utarbeide reguleringsplan for kyrkjegarden. Reguleringsplanarbeidet inkluderer kryss ved fv 570 og delvis ny trase for veg til kyrkja.

FAKTA

Sandnes kyrkje med eksisterande og planlagt kyrkjegard er i gjeldande kommuneplan sett at til grav- og urnelund.

HØYRING

Framlegg til detaljregulerings for Sandnes kyrkjegard vart vedteke sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i fast utval for plansaker den 29.09.2011 som sak 029/11. Høyringsfrist vart i utgangspunktet sett til 12.12.2011. Hordaland fylkeskommune bad om utsett frist for å kunne utføre ei arkeologisk registrering. Ny frist vart sett til 14.05.2012.

Det har kome 5 merknader til høyringsframlegget.

UTTALE

Mattilsynet

Mattilsynet skriv at det har gått gjennom alle tilsendte dokument og har ingen merknader til planframlegget.

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at dei under tvil kan akseptere den løysing med tilkomst til Sandnes kyrkje slik som planen legg opp til. Dei peiker på at dette er på vilkår av at dersom det i framtida vert aktuelt å nytte jordbruksarealet vest for kyrkja til utbygging, så skal ny tilkomst til Sandnes kyrkje samordnast med infrastruktur til dette utbyggingsområdet.

Statens vegvesen ber om at siktsona på krysset til Sandnes kyrkje vert markert med talverdiar i plankartet som viser sikt i baa retningar.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen aksepterer vilkåret sett av Statens vegvesen slik at innregulert kryss for tilkomst til Sandnes kyrkje kan etablerast no. Talverdiar for siktsona på krysset til Sandnes kyrkje er innarbeidd i plankartet.

NVE

NVE skriv at dei ikkje har merknader til planframlegget.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune skriv at arealet mellom tilkomstvegen til kyrkja og kyrkjegarden var av interesse med omsyn til potensialet for funn av automatisk freda kulturminne. Dei fann det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kom i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Registreringa vart utført 01.06.2012. Ut frå den undersøkinga har dei ingen avgjerande merknader i saka. Dei minner likevel om at tiltakshavar sin plikt til å visa aktsemd, og å straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne.

Riksantikvaren

Riksantikvaren skriv at Sandnes mellomalderkyrkjegard er eit automatisk freda kulturminne og skal visast som omsynssone d) i plankartet. Til mellomalderkyrkjestaden høyrer avgrensing av ei sikringssone på 5 meter som inngår i det automatisk freda kulturminne. Dei ber om at føresegner slik det føreligg i kommuneplanen vert teke med i reguleringsplanen.

Vidare skriv riksantikvaren av Sandnes kyrkje er ei listeføre kyrkje. Kyrkja bør ha retningsliner som seier noko om saker som angår kyrkje og kyrkja sine omgjevnader.

Rådmannen sin kommentar

[Merknadane frå riksantikvaren er innarbeidd i plankartet og føresegnene.](#)

VURDERING

Det er ikkje kome vesentlege merknader til forslag til reguleringsplan for Sandnes kyrkjegard mens han låg ute til offentleg gjennomsyn. Rådmannen meiner at dette er eit godt teikn og at planen er god og tenleg.

Merknadane frå riksantikvaren er alt innarbeidd i kommuneplanen, og det er naturleg å gjenta dei i reguleringsplanen sidan det er den siste vedtekne planen for eit areal som er gjeldande.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at detaljplan for Sandnes kyrkjegrad vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2012	094/12	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.2	Arkivsaknr.: 12/150
----------------	---------------------

SAK 094/12 - PLANSTRATEGI FOR MASFJORDEN KOMMUNE 2012 - 2016 - VEDTEKEN STRATEGI

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planstrategi for Masfjorden kommune 2012-2016 vert vedteken slik han ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Plan- og bygningslova § 10-1

KS-094/12 VEDTAK:

Planstrategi for Masfjorden kommune 2012-2016 vert vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om planstrategien som kommunane er pliktig å ha. Denne planen kan koma attende til kommunestyret å verta endra dersom det kjem planar som hastar meir enn andre.

John Torsvik, H, etterlyste plan om Stordalen, områdeplan og linjeutbygging.

Ordførar Karstein Totland sa at GMU no har spelt inn at det må lagast ein felles plan for området Gulen, Høyanger og Masfjorden.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	23.03.2012	Hordaland fylkeskommune	Kommunal planstrategi - synspunkt frå Hordaland fylkeskommune
3	U	17.04.2012	Barnas representant v/Margun Sleire; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Gulen kommune; Høyanger kommune; Lindås kommune; Modalen kommune; NVE Region Vest; Statens vegvesen	Melding om politisk vedtak - oppstart av Planstrategiarbeidet for Masfjorden kommune 2012 - 2016
4	I	24.04.2012	Statens vegvesen - Region Vest	Oppstart av planstrategiarbeidet for Masfjorden kommune 2012-2016. Melding om vedtak
5	I	31.05.2012	NVE	Innspel til varsel om oppstart av arbeid med planstrategi 2012-2016
6	I	31.05.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale - Oppstart - Masfjorden - Kommunal Planstrategi 2012 - 2016
9	U	19.09.2012	rådmannen	Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016 - offentleg høyring
10	I	08.10.2012	Jack Halland	Planarbeid

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Ved handsaminga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan – eller deler av denne – skal reviderast eller om planen skal førast vidare utan endringar. Kommunestyret kan vidare ta stilling til om det er behov for å starte opp arbeidet med andre arealplanar eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast. Planstrategien er retningsgjevande og det som vert fastsett i dette dokumentet er ikkje til hinder for at og andre planar / planoppgåver kan starte opp i planperioden.

Kommunestyret vedtok den 29.03.2012 oppstart og utarbeiding av planstrategi for Masfjorden kommune. Melding om politisk vedtak vart sendt regionale fagmynde og nabokommunar.

HØYRING

Planstrategidokumentet vart lagt ut til offentleg ettersyn etter vedtak i kommunestyret den 13.09.2012 som sak 077/12. Frist for å kome med innspel vart sett til 15.10.2012. Det har kome 1 innspel til planstrategien.

UTTALE

Jack Halland oppmodar i sitt innspel til at kommunen prioriterer planarbeidet og reguleringsplan for Hosteland aust, Hosteland vest og nytt bustadfelt ut mot Skjelsundet. Han skriv vidare at det er fleire som ønskjer å busette seg i nærleiken av Hosteland og då spesielt i feltet ut mot Skjelsundet. Kommunen bør og regulerer feltet slik at det går gangveg frå dette feltet til Hosteland slik at ein unngår at born må gå gjennom Hostelandstunnelen.

FAKTA

Masfjorden kommune har i perioden 2008 – 2012 vore gjennom eit omfattande planarbeid med ferdigstilling av både samfunndelen og arealdelen til kommuneplanen samt områdeplanen for Matre.

Arbeidet med planstrategien er organisert med formannskapet som styringsgruppe. Rådmannen har peikt ut ei administrativ arbeidsgruppe som jobba fram grunnlaget for styringsgruppa med blant anna deltaking i arbeidsseminar og interne møte. Arbeidsseminaret for alle dei politiske partia i kommunen vart halde på kommunehuset 18.04.2012. Tema var Vegen frå partiprogram til planstrategi. Alle partia møtte.

I samband med formannskapsmøte 04.09.2012 gjennomførte ein eit arbeidsmøte der ein fekk fram ei politisk prioriteringsliste over kva saker / planar som det skal arbeidast med i valperioden. Saka vart deretter lagt fram for kommunestyret for utlegging til offentleg ettersyn.

VURDERING

Rådmannen meiner at innspelet som kom i perioden planstrategidokumentet låg ute til offentleg ettersyn berre forsterkar prioriteringane som alt ligg i dokumentet. Rådmannen ser difor ikkje grunn for å endre innhaldet i planstrategidokumentet etter at det har vore ute til offentleg ettersyn.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at Planstrategien for Masfjorden kommune 2012-2016 vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	097/12	Aina Isdal Haugland
Kommunestyret	30.10.2012	095/12	Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-010.1	Arkivsaknr.: 12/16
----------------	--------------------

SAK 095/12 - LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN 2012 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet fungerer som styringsgruppe.
Kommunestyret vel politiske representantar til:

- bustad
- Masfjorden

Arbeidet held fram i gruppene. Rådmannen peikar ut kven frå administrasjonen som skal vera med.

Finansiering

Heimel

FS-097/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Formannskapet fungerer som styringsgruppe.
- Masfjorden - utvikling av Masfjorden som fellesprosjekt
- Bustadgruppe
- Brunemnd

Kommunestyret vel tre representantar til bustadgruppe og tre representantar til Masfjordgruppa.

Arbeidet held fram i gruppene. Rådmannen peikar ut kven frå administrasjonen som skal vera med.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Samfunnsplanleggar Aina Isdal Haugland var tilstades under denne saka og orienterte. Ho sa at det er viktig at formannskapet er styringsgruppe for å ha ei politisk forankring i det som blir gjort. Isdal Haugland sa at "bustad" er ei gruppe som er tenkt å ha fokus på bustad og tilflytting til Masfjorden. Gruppe Masfjorden er ei gruppe som er tenkt å ha fokus på heile Masfjorden og der det kan vera med folk frå alle delane i kommunen.

Isdal Haugland orienterte om at ho vil ta kontakt med dei eksisterande gruppene å få ei evaluering på kva dei har gjort og om dei vil halda fram. Ho har allereie hatt kontakt med Matregruppa og Hostelandsgruppa.

På Matre var det kommunal eigedom gruppa jobba med slik at det var lettare å få til ting der . På Hosteland og Sandnes har stoppa litt opp av ulike årsaker. Det kan kanskje vera lettare å arbeida fram mindre prosjekt.

Formannskapet drøfta saka og hadde forskjellige innspel til gruppe, kva dei kunne jobba med osv.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og sa at kommunen får 600.000 pr år til Lokalsamfunnsutvikling i tre år. Andre tilskotordningar frå fylket krev ofte mykje eigeninnsats i høve dei midlane ein får tildelt.

Rådmannen gjorde og framlegg om at ein tok med brunemnda i vedtaket slik at ein har alle gruppene som arbeider med lokalsamfunnsutvikling samla.

Etter drøfting vart formannskapet samde om slikt framlegg til vedtak:

- Formannskapet fungerer som styringsgruppe.
- Masfjorden - utvikling av Masfjorden som fellesprosjekt
- Bustadgruppe
- Brunemnd

Kommunestyret vel tre representantar til bustadgruppe og tre representantar til Masfjordgruppa.

Arbeidet held fram i gruppene. Rådmannen peikar ut kven frå administrasjonen som skal vera med.


KS-095/12 VEDTAK:

- Formannskapet fungerer som styringsgruppe.
- Masfjorden - utvikling av Masfjorden som fellesprosjekt
- Bustadgruppe
- Brunemnd

Representantar til bustadgruppa er:**Erlend Kvamsdal****Wenke Ekren****Jostein Duesund**

Arbeidet held fram i gruppene. Rådmannen peikar ut kven frå administrasjonen som skal vera med.

Rådmannen evaluerer arbeidet i dei tre gruppene som har vore til no og legg fram ein statusrapport for kommunestyret.



Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Samfunnsutviklar Aina Isdal Haugland orienterte.

Ho synte organiseringa ho har tenkt og kva type grupper ho hadde tenkt.

Masfjorden kommune kan søkja om omstilingsmidlar og kan få 600.000 pr år frå fylket i tre år basert på søknad.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret var positiv til skissa over grupper som vart lagt fram.

Vigdis Søvik, Sp, sa at då Hostelandsgruppa vart oppretta fekk dei førelagt at dei skulle tenkja 20 år fram i tid. Den eksisterande styringsgruppa var samansett av ein representant frå frå kvart parti med personlege vara. Søvik sa ho reagerer på nivået som no er lagt opp til i høve det gruppene jobba med i starten. Søvik har ynskje om at at kvart parti må vera representert i ei fellesgruppe.

Frode Langhelle, H, sa at det har blitt sett mange gode prosessar i sving i det arbeidet som dei eksisterande gruppene har gjort.

Langhelle ba om at evalueringsrapportar frå gruppene som har vore må leggest fram for kommunestyret slik at arbeidet som er gjort i gruppene vert nullstilt og at det blir starta på nytt.

Etter drøfting konkluderte ordførar med at kommunestyret i dag vel personar til bustadgruppe, så får ein ta dei andre gruppene etter kvart.

Bustadgruppe:

Erlend Kvamsdal (framlegg frå Vigdis Søvik)
Wenke Ekren (framlegg frå frå John Torsvik)
Jostein Duesund (framlegg frå Geir Egil Haugvær)

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet med endringar/ framlegg i kommunestyret vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	26.01.2012	Hordaland fylkeskommunen	Søknad om fylkeskommunal støtte til lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden
2	I	24.04.2012	Hordaland Fylkeskommune	Regionalt utviklingsprogram for

Hordaland 2012. Tilsegn om tilskot

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune har oppretta prosjekt for lokalsamfunnsutvikling der hovudmålet er eit auka folketal. Dette arbeidet vart starta i 2006 og kommunen har mellom anna vore del av prosjektet "Livskraftige kommunar" som var organisert av miljøverndepartementet og KS. Per i dag deltek kommunen på arrangementa i Hordaland fylkeskommune si satsing på lokalsamfunnsutvikling, "LivOGLyst". For å oppnå måla våre om folketalsauke er det viktig at me jobbar vidare med engasjement i bygdene våre.

HØYRING

Styringsgruppe – omdømebygging og samarbeid

Samarbeid, god dialog og prosjekt som kan femna om fleire problemstillingar må vera grunnsteinane i arbeidet vårt. Det å vere med å styrke samarbeidet med nabokommunane våre i Hordaland og Sogn og Fjordane og å leggje til rette for at politikarane kan ta del i og påverke høgare nivå i saker som er viktige for regionen og kommunen vil vere ein del av arbeidet med samfunnsutvikling i Masfjorden. Samarbeid mellom administrasjon og politikk kan heilt sikkert vere utfordrande for dei fleste. Mykje av arbeidet krev at me har klare roller og veit kva som er våre oppgåver. Korleis samarbeider dei politiske partia i Masfjorden med partia i resten av regionen? Kor medvitne er me på vår rolle i utforminga av politikken? Korleis kan du som innbyggjar vere med å påverke måla våre og korleis me når desse?

Masfjorden

For å betra samhaldet og få fram mangfaldet som finst i kommunen ønskjer me å leggja vekt på samarbeid mellom bygdene våre. Dette gjer me ved å oppretta ei gruppe for heile Masfjorden, der temaet for gruppa er kva som kan gjerast for å styrke samhaldet internt i kommunen.

Helselaga har allereie jobba mykje med dans, særskilt i Indrefjorden. No er det òg starta danseopplæring på Sandnes. Er dette eit tema me kan jobbe med vidare for å betre folkehelse og samhald i kommunen?

Reduksjon av beitedyr og av landbruk gjer at me har fått store endringar i kulturlandskapet i form av skog langs kysten. Både for reiseliv og trivsel kan dette vere viktige tema, der ein på Solheim allereie har starta noko planlegging av eit slikt prosjekt.

Hjort er eit anna tema som er aktuelt for heile kommunen. Med endring i forvaltningslova vert det òg endringar i korleis hjortevalda er organiserte, og det vert no større einingar enn det som har vore tidlegare. Hjortestammen i kommunen er særskilt stor, den er ein viktig del av matkulturen vår og mange har fellingsløyve og kjennskap til foredling av hjort. Innan marknadene for guida jakt og foredling er det store potensiale for småskala næring, gjerne i tillegg til landbruk. Samarbeid og noko kursing kan vere naudsynt for å klare dette, men det bør kunne vere eit tema som engasjerer mange av innbyggjarane våre.

Personane i denne gruppa bør vera frå ulike stader i kommunen og vera engasjerte i samarbeid med dei andre bygdene. Ved behov kan det opprettast delprosjekt under denne paraplyen, slik at ein opnar for lokalt engasjement.

Bustad

Bustadmarknaden i kommunen vert påverka både av offentleg politikk og den private marknaden, noko som er med på å gjere at det er få bustader tilgjengelege. Kommunestyret har gjort vedtak om at ein skal greia ut utleigeprisen på dei bustadene kommunen leiger ut i dag og i kommuneplanen er det lagt til rette for nye bustader. I tillegg skal kommunen selja fleire av bustadene dei eig og målet er å styrka den private utleigemarknaden. Fleire bustader står tomme og gardsbruk vert ikkje vidareførte mellom generasjonane. For å kunne betre bustadmarknaden og få fleire tilgjengelege bustader må ein fokusere på dette temaet. I dette ligg kjennskap til Husbanken og offentlege finansieringsordningar og reguleringsplanar for ulike delar av kommunen. Delar av arbeidet vil vere tidkrevjande og dyrt og administrasjonen bør her ha fleire representantar enn i dei andre gruppene.

UTTALE

FAKTA

VURDERING

Retningslinjer for arbeidet med pilotprosjektet

Av erfaringane som er gjort frå første del av prosjektet er det blitt klart at politkarane må vere med om prosjektet ikkje skal falle saman. Det er ein føresetnad for suksess at prosjektet er godt politisk forankra. Førebels konklusjon for dei tre prosjekta på Sandnes, Matre og Hosteland er at motivasjonen fort dalar når ein vert stansa i kommunalt planarbeid. På Matre har ein klart å unngå dei store prosjekta som krev for mange eller for omfattande planar. I tillegg har ein skapt lokalt engasjement, slik at ein har fleire bein å stå på. Rolleavklaring, relativt små prosjekt og budsjett kan hjelpe på vegen vidare for nye prosjekt. Noko opplæring i og auka forståing for kommunale prosessar kan vere tenleg om ein ser på større prosjekt. Prosjektet på Matre starta med små, konkrete mål som å få det til å sjå betre ut for folk som passerte bygda. Arbeidet etterpå har vakse fram frå dette og ein har klart å skape engasjement og få med folk lokalt.

- **Arbeidsform i prosjektet**

- Prosjektet må vere sterkt forankra i kommunestyret!
For å få til ein god progresjon og eit godt resultatorientert politisk og administrativt samarbeid i prosjektet, er det nødvendig at prosjektet er sterkt forankra og på dagsorden i kommunestyret.
- Formannskapet bør drøfte om dei skal vere styringsgruppe eller om denne skal vere sett saman av andre.
- Politiske medlemmar av styringsgruppa har informasjons- og rapporteringsansvar for dialog mellom styringsgruppa og det enkelte parti.

- Styringsgruppa er politisk og bør ha ein politisk valt leiar.
 - Styringsgruppa har, saman med rådmann, ansvar for framdrift av heile prosjektet.
 - Informasjon frå den politiske styringsgruppa og ut til dei politiske partia må vera god slik at dei politiske partia kan diskutera og ta stilling til det som skjer i prosjektet.
- **Arbeidsform i delprosjekt**
 - Arbeidsgruppa i kvart delprosjekt bør få ei klar utfordring frå politisk styringsgruppe for utforming og krav til framdrift i det enkelte delprosjekt.
 - Tydeleggjing av roller i arbeidsgruppene for kvart delprosjekt
 - Kvart delprosjekt bør ha ein eigen prosjektleiar. Prosjektleiaren kan verta politisk eller administrativ etter avtale med den politiske styringsgruppa og etter kva som vil verta mest hensiktsmessig for kvart delprosjekt.
 - Det er viktig å avslutta delprosjekt som blir sett i gang og å overlevere ansvar for vidareføring til private aktørar. Samstundes er det viktig å følgja opp, etterspørja og informera vidare om status.

KONKLUSJON

Formannskapet fungerer som styringsgruppe.

Kommunestyret vel politiske representantar til:

- bustad
- Masfjorden

Arbeidet held fram i gruppene. Rådmannen peikar ut kven frå administrasjonen som skal vera med.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	094/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	30.10.2012	096/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 12/376
--------------	---------------------

SAK 096/12 - 2. TERTIALRAPPORT 2012, REKNESKAPSOVERSYN 1.1.-31.08.2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
2.tertialrapport 2012 vert teken til vitring.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar
- investeringar i bygg, jf. KS sak 7/12, og justering av tiltak under opplisting av investering/vedlikehald kommunale bygg 2012, 1) Nordbygda skule (50.000) – frå golvbelegg til ytterdørar og 2) midlar avsett til tanngarden (200.000) vert omdisponert til tak bygg fysioterapeut.

Finansrapportering pr. 31.8. vert teken til vitring

Finansiering

Budsjettendringar har inndekking i tidlegare KS vedtak, berre omdisponering av tiltak

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Kopi til:

Kommunale einingar

FS-094/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

2.tertialrapport 2012 vert teken til vitring.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar:
- investeringar i bygg, jf. KS sak 7/12, og justering av tiltak under opplisting av investering/vedlikehald kommunale bygg 2012, 1) Nordbygda skule (50.000) – frå golvbelegg til ytterdørar og 2) midlar avsett til tanngarden (200.000) vert omdisponert til tak bygg fysioterapeut.

Finansrapportering pr. 31.8. vert teken til vitring.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen gikk gjennom tertialrapporten og orienterte. Han sa at rekneskapen for 2. tertial er bra.

Formannskapet stilte spørsmål undervegs.

Arthur Sjursen fikk permisjon fra møte før avrøysting i denne saka.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes teken til vitring.

KS-096/12 VEDTAK:

2.tertialrapport 2012 vert teken til vitring.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar:

- investeringar i bygg, jf. KS sak 7/12, og justering av tiltak under opplisting av investering/vedlikehald kommunale bygg 2012, 1) Nordbygda skule (50.000) – frå golvbelegg til ytterdørar og 2) midlar avsett til tanngarden (200.000) vert omdisponert til tak bygg fysioterapeut.

Finansrapportering pr. 31.8. vert teken til vitring.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål, blant anna status på synjebassenget og sluttsum på det.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det framleis kjem inn rekningar på bassenget slik at sluttrekneskapen ikkje er klar. Det vil bli laga eit prosjektrekneskap som blir lagt fram for kommunestyret når alle fakturaer er betalt.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	16.10.2012	Svein-Helge Hofslundsengen	2.tertialrapport 2012
4	I	24.10.2012	Svein-Helge Hofslundsengen	2.tertialrapport 2012 - justert

SAKSVEDLEGG:

2.tertialrapport 2012 – eige hefte

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2011, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

PERIODISK RAPPORTERING

Etablert praksis over mange år i Masfjorden har vore at kommunestyret handsamar følgjande rekneskapsrapportar:

1. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.04
2. tertialrapport for perioden 1.1. – 31.08
3. Årsrekneskapan skal handsamast innan 1. juli.

8.2.1 Innhaldet i rapporten til rådmannen

Tertialrapportane til rådmannen skal ha følgjande obligatoriske innhald:

1. Taldel
2. Kommenterar/vurderingar
3. Evt. tiltak for å rette opp budsjettbalansen
4. Konklusjon/årsprognose

1. Taldel

Frå driftsrekneskapan (drifts- og finansieringspostar) skal følgjande rapporterast:

Ansvarsområde	Akkumulert hittil i år			2011		
	Budsjett	Drift	Reelt avvik	Årsbudsjett	Prognose	Avvik
Sandnes barnehage 20102 Lokaler Sandnes barnehage 22102	-	-	-	-	-	-
Resultat/netto forbruk	-	-	-	-	-	-

Tabellen viser 3 avvik:

- ◆ Rapportavvik, dvs. dei avvik rekneskapsrapportane frå økonomisystemet viser
- ◆ Reelt avvik, dvs. avvik etter korrigeringar for feil periodisering og manglande posteringar
- ◆ Prognose for året, dvs. samla reelt avvik for budsjettåret

2. Kommenterarar/vurderingar

Driftseiningane må kommentera/vurdere:

- ◆ Reelle avvik
- ◆ Evt. differanse mellom rapportavvik og reelle avvik
- ◆ Prognose for årsavvik

Kommentarane skal vere korte og bør seie noko om kor sikre eller usikre vurderingane er.

3. Tiltak

Dersom det reelle avviket er stort, må ein gjera greie for tiltak dei vil setje i verk på kort og lengre sikt for å få budsjettet i balanse.

4. Konklusjon/årsprognose

Det må her gjerast greie for korleis etaten reknar med at den vil kome ut i høve til gjeldande økonomiske ramme.

FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

Budsjettendringsbehov;

Omdisponering av midlar avsett i investeringsbudsjettet.

1) Nordbygda skule

I kommunebudsjettet for 2012 er det avsett kr. 50.000,- på investeringsbudsjettet til utskifting av golvbelegg i vestibyen utanfor gymsalen ved Nordbygda skulen. Grunngeving for denne prioriteringa, er ein teori om at dette belegget sannsynlegvis forårsakar den dårlege lukta denne delen av skulen i lang tid har vore plaga av.

Før kommunestyret skulle vedta endeleg budsjett, vart leiarane bedne om å setje opp ei prioriteringsliste over naudsynt vedlikehald innanfor deira ansvarsområde. I rektor si prioritering stod utskifting av belegget som nr. 4 på prioriteringa over naudsynte bygningsmessige utbetringstiltak. Belegget er noko slitt, men verken me som jobbar på skulen eller vedlikehaldspersonale ved TML som no har jobba ein del med problemet, kan sjå at luktproblema skriv seg frå belegget. Vedlikehaldspersonalet har no sett i gong tiltak i høve til septiktank og røyropplegg, noko som ser ut til å verka i positiv retning. Som rektor meiner eg difor midlane som er avsett, må nyttast på ein annan måte som vil gje større gevinst både i høve til elevane sin trivsel og til å heve standarden på bygningsmassen.

Som nr. 2 på lista stod skifting av ytterdører i gamlefløyen. Desse er gamle og utslitne, og her er mykje varmelekkasje ut. Resultat: kaldt i gangane trass i høgt straumforbruk.

(Øvst på prioriteringslista stod tilrettelegging for funksjonshemma elev, som heller ikkje vart prioritert, men som no likevel er kome på plass.)

Utskifting av to ytterdører er kostnadsrekna til kr. 60.000,- Kr. 50.000,- som er avsett til skifte av golvbelegg, vert brukte til utskifting av dører i småskulefløyen. Det som då ikkje vert dekkja av denne summen, kan gå av skulen sitt driftsbudsjett, konto for vedlikehald.

2) Nytt tak på fysioterapibyget, omdisponering av investeringsmidlar Kr 180.000,- frå Tanngarden til Helsetunet fysioterapibyget.

I kommunebudsjettet for 2012 er det avsett kr. 200.000,- på investeringsbudsjettet til isolering av tak og grunnmur Tanngarden.


Grunngjeving for denne omprioriteringa, er att det etter mottatte meldingar frå leigetakar av bygget har det vore fleire vatn lekkasjar inn i kontordelen i bygget frå taket. Etter synfaring av taket, så er taket så dårlegt at dette må utbedrast før vinteren.

Oppbygging av taket i dag: taket har eit fall 3 grader, takpapp med undertak av bord. Undertaket er så dårleg at det ikkje kan leggst ny papp på taket.


Tiltak:

Det må monterast takstolar, sutakplater, lekter og takstein/dekra panner.

Fakta: bygget er eit brakkebygg som er sett saman av 5 stk brakker på 7,4m, bygget er på 7,4x 12,2 m og bygd i 1991.



Eksisterande tak



Ny løysing av tak på fysioterapibygg

VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

KONKLUSJON

Ein tilrår at 2.tertialrapport vert teken til orientering

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	098/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	30.10.2012	097/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 12/654
--------------	---------------------

SAK 097/12 - ØKONOMIREGLEMENT FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomireglementet vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget

Finansiering

Ingen finansieringsbehov for sjølve reglementet

Heimel

Rullering av reglementet (jf. m.a. sist Kommunestyremøte)

Utskrift til:

Nordhordland revisjonsdistrikt

Driftseiningane – godkjent økonomireglement (hefte)

FS-098/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Økonomireglementet vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om endringane i reglementet.

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak rådmannen sitt framlegg.

KS-097/12 VEDTAK:

Økonomireglementet vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Økonomireglement, ajourført og oppdatert pr. oktober 2012

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok hausten 2007 økonomireglement for Masfjorden kommune, det vart då lagt til grunn at reglementet skulle leggjast fram for det nye Kommunestyret tidleg i valperioden (noverande reglement frå 22.april 2008, sak 33/08). Det har vore gjort endringar i reglementet for enkeltkapitel etter april 2008. Økonomireglementet vert lagt fram for

FAKTA

Viser til utkast til reglement (eige hefte)

VURDERING

Med økonomireglementet ønskjer ein å dokumentere kommunen sine økonomirutinar, skildre og avklare kommunen sin økonomimodell og gjeldande økonomiprosessar. Siktemålet er å kunne leggje grunnlag for ei effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning i kommunen, kor ein klargjer fullmakter og ansvarstilhøve.

KONKLUSJON

Rullering av økonomireglementet i tråd med saksvedlegget, ajourført pr. oktober 2012 vert fastset som Masfjorden kommune sitt økonomireglement, og iverksett frå 01.11.2012.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.10.2012	099/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	30.10.2012	098/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-033, N-025	Arkivsaknr.: 12/549
---------------------	---------------------

SAK 098/12 - DELEGERINGSREGLEMENT FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre, jf. kap. I til III i saksvedlegget.

FS-099/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre, jf. kap. I til IV i saksvedlegget.

Det skjedde i Formannskapet den 23.10.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om delegeringsreglementet. Siste delen frå kap. IV skal kvalitetssikrast fram mot kommunestyret.

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak delegeringsreglementet slik det ligg føre.

KS-098/12 VEDTAK:

Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre, jf. kap. I til IV i saksvedlegget.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og sa at ein i staden for å bruka lovheimlar skal skriva ein tekstdel slik at ein får konkretisert kva det gjeld. Dette vil bli gjort i etterkant.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	N	06.09.2012	Mary Hope	Delegeringsreglement Masfjorden kommune - arbeidsdokument
4	I	18.10.2012	Mary Hope	Delegeringsreglement Masfjorden kommune

SAKSUTGREIING :

BAKGRUNN

Saka utsett i samband med Kommunestyremøte i september,
Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert endeleg handsama i kommunestyremøte den 30. oktober i samband med økonomireglementet.

FAKTA

Noverande delegeringsreglement, vart vedteke i kommunestyret den 23. september 2008. Tanken er at delegeringsreglementet vert rullert og vedteke tidleg i ny Kommunestyreperiode, og rullering/revidering av reglementet frå 2008 inneber store endringar – grunna endringar i utval og lover/føresegner.

Revidert delegeringsreglement, pr. oktober 2012 – ligg no føre. Politisk vedtek ein kap. I til III i reglementet, medan kap. IV syner rådmannen si vidaredelegering av kap. III pkt. G.

Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ med overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunelova §6 viser at det i hovudsak er kommunestyret som har mynde til å fatte vedtak på vegne av kommunen. Samtidig gjev kommunelova også tilgang til å delegere mynde slik at ein kan få ei tenleg og praktisk fordeling. Å delegere vil ikkje seie at ein gjev frå seg noko av sitt mynde, men at ein på visse vilkår gjev andre mynde til å gjere vedtak på eigne vegne. Kommunestyret vil då kunne arbeide strategisk med mål, ressursfordeling, retningslinjer og planverk, medan administrasjonen forvaltar etter lov- og regelverk, retningslinjer og kommunale planar.

VURDERING

Masfjorden kommune får med dette delegeringsreglement synleggjort kva for arbeidsfordeling og formelle vedtaksmynde som gjeld for folkevalte organ og administrasjon.

KONKLUSJON

Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre, jf. kap. I til III i saksvedlegget.

SAKSUTGREIING OG VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 04.09 OG KOMMUNESTYRET 13.09:

KS-081/12 VEDTAK:

Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert endeleg handsama i kommunestyremøte den 30. oktober i samband med økonomireglementet.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Teknisk sjef Terje Kallekleiv var tilstades under handsaming av denne saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, spurde om kvifor endringar som vart vedteke i formannskapet ikkje var teke inn i reglementet.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og sa at endringar i høve det nye utvalet som er vedteke i dag og endringar som vart gjort i formannskapet skal innarbeidast i delegeringsreglementet. Pga av at ein ikkje visste heilt korleis dette ville bli i høve nytt utval har ein ikkje lagt det inn i dokumentet til i dag. Ha sa at økonomireglementet og kjem til handsaming i kommunestyret og her er det ting som heng i saman med delegeringsreglementet.

Marit Steinestø, KrF, ba om at delegeringsreglementet kjem opp som sak i neste kommunestyremøte i samband med at økonomireglementet kjem til handsaming. Marit Steinestø sa og at ein må få delegerte vedtak til orientering i det nye utvalet.

Røysting:

KrF sitt framlegg om å utsetja sak om delegeringsreglementet til kommunestyremøtet den 30. oktober vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	06.09.2012	Mary Hope	Delegeringsreglement Masfjorden kommune - framlegg til formannskapet 04.09.12

Revidert delegeringsreglement, pr. august 2012 – førebels utgåve
(innhald i teknisk utval vert fylt ut etter drøftingar/handsaming i formannskapet og oppdatert reglement framlagt for kommunestyret)

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Delegeringsreglement skal rullerast og vedtakast i løpet av kommunestyreperioden, fortrinnsvis i starten

- Til andre politiske organ
- Til administrasjonen (rådmannen)

FAKTA

Gjeldande delegeringsreglement er av 23.september 2008, og må rullerast.

- A. Saker kommunestyret avgjerd sjølv**
- B. Delegering til formannskapet**
- C. Delegering til fast utval for plansaker**
- D. Delegering til ordførar**
- E. Delegering til skatteutval**
- F. Delegering til brukarutval**
- G. Delegering til utval for vilt og fisk**
- H. Delegering til administrasjonsutalet**
- I. Delegering til rådmannen**

Sidan sist revidering har det skjedd ein del endringar.

- Skatteutval er ei ordning som er avvikla.
- Krav om å ha eige planutval/FUP er opphøyr.
- Brukarutval (nedlagt av Kommunestyret i møte den 27.4.2012, sak 37/12)
- Utval for vilt og fisk, kopla til nytt utval for teknisk

I sist Kommunestyremøte 21.06.12, fekk ein følgjande politisk innspel – som må innarbeidast i delegeringsreglementet (jf. elles sak kring nytt teknisk utval)

Bakgrunn:

Det har sia dette kommunestyret blei konstituert vore på snakk om etablering av eit nytt utval som inkluderer teknisk, miljø, landbruk, vilt og fisk. I påvente av dette har behandlinga av delegeringsforskrifta latt vente på seg. Som eit felles forslag frå alle partia, fremmas derfor følgjande forslag:

Forslag:

Det opprettas eit nytt utval som overtar oppgåvene som FUP og Vilt og Fisk innehar i dag. Dette utvalet blir satt med 5 medlemmer valt av kommunestyret. Forslagsstillarane ser for ein prosessflyt i sakshandsaming som vist i vedlegget til dette forslaget.


Utvalet si forvaltning heimlast i følgjande lovverk (som angitt i dagens delegeringsforskrift):

Plan og Bygningslova av 14.juni 1985 nr 77 kapittelIII- X, og vedtak utbyggingsplanar Friluftsløva av 28.juni 1957 nr16 §40 om å stanse og fjerne ulovlege byggverk, vert delegert til dette utvalet Vedtaksmynde i saker etter viltlova og lov om lakse -og innlandsfiske

Kommunestyret kan også delegere andre saker til dette utvalet.

Hensikt

Hensikta med dette utvalet er å betra den demokratiske prosessen, gjennom betre likebehandling, klårare retningslinjer, bevisstgjerung, og samstundes få eit utval som har eit «mindre» og meir spissa arbeidsområde enn kva formannskapet i dag har. Dersom dette forslaget blir vedtatt, er det ein naturleg prosess og be administrasjonen utarbeide forslag til endring av delegeringsforskrifta



Slik at revidert delegeringsreglement av august 12 får følgjande inndeling/innhald;

I LOVHEIMLAR FOR DELEGERING I KOMMUNELOVA

II GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT FULLMAKT

III MYNDE TIL KOMMUNESTYRET

A. Saker kommunestyret avgjerd sjølv

B. Delegering til formannskapet

C. Delegering til teknisk utval

D. Delegering til ordførar

E. Delegering til administrasjonsutalet

F. Delegering til rådmannen

IV OVERSIKT MYNDE/DELEGERT MYNDE I HØVE TIL SAKSTYPE OG LOV

VURDERING

Ein legg ikkje opp til vesentlege endringar i høve (jf. delegeringsreglement er av 23.september 2008),

A. Saker kommunestyret avgjerd sjølv

B. Delegering til formannskapet

D. Delegering til ordførar

H. Delegering til administrasjonsutalet

I. Delegering til rådmannen

Ein innarbeidar nytt teknisk utval i reglementet.

Kommunestyret vedtek pkt. 1 – III i reglementet, pkt. IV er synleggjering av administrativ subdelegering av delegering til rådmannen

KONKLUSJON

Ein tilrår at revidert delegeringsreglement vert vedteke slik det ligg føre i sakstilfanget.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2012	099/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/679
-----------	---------------------

99/12 DELEGERTE VEDTAK

DRÅD. 005/12: Reglar om redusert foreldrebetaling for SFO

DELEGERT VEDTAK:

Rådmannen fastset i tråd med punkt 3 i kommunestyrevedtaket følgjande reglar:

1. Ektepar/sambuarar med samla brutto inntekt mellom kr 200000 og 220000 får redusert foreldrebetalinga med 50 %.
2. Ektepar/sambuarar med samla brutto inntekt mellom kr 150000 og 200000 får redusert foreldrebetalinga med 75 %
- 3 Ektepar/sambuarar med samla brutto inntekt under kr 150000 får fritak for foreldrebetaling
- 4 Einslege forsørgjarar med årleg bruttoinntekt mellom kr 130000 og 150000 får redusert foreldrebetalinga med 50 %.
- 5 Einslege forsørgjarar med årleg bruttoinntekt under kr 130000 får fritak for foreldrebetaling
- 6 Satsane vert justerte i samband med budsjetthandsaminga kvart år på bakgrunn av konsumprisindeksen pr. 1. juli.

DRÅD. 006/12: Melding om delegert vedtak - Søknad om økonomisk støtte til treningskontaktkurs 2012

Masfjorden kommune løyver etter søknad kr. 10.000 til treningskontaktkurs hausten 2012 i regi av idrettsråda i Nordhordland og Hordaland Idrettskrets.

Finansiering

Innanfor budsjett 2012 teneste 38506

Heimel

Delegeringsreglementet pkt IV B

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-099/12 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om dei delegerte vedtak og spesielt vedtak 6/12 der Masfjorden kommune har gjeve kr. 10.000 i støtte til treningskontaktkurs hausten 2012. Ordførar oppmoda kommunestyret at om å prøva å få nokon til å melda seg på kurset.

Røysting:

Delegerte vedtak vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2012	100/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/680
-----------	---------------------

SAK 100/12 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottaka	Tittel
1	12/3814	I	17.09.2012	Kontrollutvalet i Masfjorden v/Vigdis Søvik leiar	Møteutskrift frå Kontrollutvalet den 17.09.2012
2	12/3826	I	18.09.2012	Gulen Næringsråd v/Ivar Eide	Gjennomgangsruiter Gulen / Masfjorden - Bergen
3	12/3598	MP	04.09.2012		RMNF 30.08.2012
4	12/3827	MP	18.09.2012		ELDR 07.09.2012
5	12/3999	I	01.10.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Avslutting av tilsyn - Masfjorden kommune som barnehagemynde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-100/12 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2012:

Skriv 1) Møteutskrift frå kontrollutvalet.

Vigdis Søvik, leiar i kontrollutvalet orienterte om sak 29/12 i kontrollutvalet.

Skriv utdelt i møtet:

Skriv 6) Fylkesmannen: Skatt på eige og inntekt.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Skriv 7) Det vart delt ut notat frå adv. Gunnar Sætre om bustadområde på Solheim.

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 30.10.2012 vert vitna:

Karstein Totland
Ordfører

Jostein Duesund
kommunestyremedlem

Wenke Ekren
kommunestyremedlem